


Årsmelding 2019  
Valle kommune

---



Årsmelding 2019.....	1
Valle kommune .....	1
Forord .....	4
Politisk leiing.....	6
Administrativ leiing .....	7
Overordna mål.....	8
Organisasjonsplan .....	9
Etiske retningslinjer.....	10
Likestilling og mangfald .....	10
HMS .....	12
Internkontroll .....	13
Folketal, bustad og næring.....	14
Driftskostnader Valle kommune - Kostragruppe 6 .....	16
Sentrale kapittel .....	21
Totaloversikt økonomi – rekneskapsskjema 1A - driftsinntekter .....	21
Sentrale inntekter.....	23
Finansinntekter og -utgifter .....	24
Utvikling i netto driftsresultat .....	24
Totaloversikt drift - fordelt på rammeområder – rekneskapsskjema 1 B.....	29
Sykefravær.....	30
Kommunen sine tenesteområder .....	32
Politisk styring .....	32
Rådmannen .....	33
Næring.....	34
Kultur, bibliotek.....	35
Personal.....	38
IKT .....	39
Økonomiavdelinga .....	42
Velkomstsenter .....	44
Interkommunalt PPT .....	45
Interkommunalt barnevern.....	47
Valle skule.....	49
Barnehage .....	54
Felles skule .....	56
Helseavdelinga .....	58

## Årsmelding 2019

NAV.....	61
Pleie og omsorg.....	63
Teknisk.....	65
Teknisk sjef.....	65
Teknisk drift.....	66
Teknisk forvaltning.....	67
VAR.....	69
Drift veg.....	70
Drift reinhald.....	71

## Forord

Rådmannen legg med dette fram årsrekneskap og årsmelding for Valle kommune 2019. Framlegget byggjer på kommunestyret sitt økonomiplanvedtak for 2019 – 2022, politiske vedtak, saman med justeringar tufta på oppdatert informasjon frå førearbeid til statsbudsjett 2019, og andre endringar i den økonomiske situasjonen for kommunen.

Rådmannen opplever at Valle kommune har eit godt tenestetilbod til sine innbyggjarar og tilreisande.

I 2019 vart arbeidet med turløyper vidareført. Det er stor aktiviteten i Brokke. Oppstart av etablering av løype for rulleski er prioritert. Valle kommune vart medlem av Midt Agder Friluftstråd. Kommunen har vore ein pådrivar saman med Aust Agder Fylkeskommune og Setesdal museum for å få etablert byggvernsenter ved museet. Setesdal Folkehøgskule er relokalisert på Hylestad skule. Det er ein positiv driv i sentrum av Rysstad og Valle sentrum. For Rysstad sentrum er det igangsett arbeid med reguleringsplan. Næringslivet i kommunen er i utvikling. På slutten av 2019 kom utøving av folkemusikk og folkedans i Setesdal på UNESCO si representative liste over verdas immaterielle kulturarv. Dette er eit utval av viktige tiltak kommunen er involvert i og som bidrar til positivt til utvikling i Valle kommune.

Samtidig merker kommunen at ein er ein del av dei globale og nasjonale trender. Små kommunar er under aukande press som følgje av nedgang i folketal, det blir færre barn og fleire eldre. Kommunen får reduserte overføringar gjennom inntektssystemet. Kraftskatteutvalet si tilråing hausten 2019 var eit eksempel på den usikkerheit som er til framtidig inntektsgrunnlag (kraftinntekter og eigedomskatt). Kommunane blir pålagt nye oppgåver og vi ser økt statleg detaljstyring, sterkare rettighetslovgiving og økte krav til kommunen. Fortset utviklinga vil Valle kommune ha ei utfordring med å fylle rolla som generalistkommune. Samtidig er det eit ønske om å oppretthalde og bevare dei kvalitetane kommunen har for lokalsamfunnet.

Kommuneplanen for Valle kommune gir mål og retning for utvikling av Valle. Kommunen må heile tida vere i rørsle for å møte nye tider og behov. Innafor ulike område krev dette strukturelle endringar. 2019 stod Valle kommune saman i ein slik endring. Hylestad skule vart lagt ned, elevane flutt til Valle skule. Setesdal Folkehøgskule blei relokalisert til Hylestad skule. Valle kommune fekk ein skule med eit større fagleg og sosialt miljø for elevane og kommunen bidrog til at Setesdal folkehøgskule fekk betre rammer for utvikling av skulen.

Ei anna strukturell endring er det arbeidet som pågjekk hausten 2019 innafor NAV med etablering av vertskommunesamarbeidet NAV Midt -Agder. For at våre innbyggjarar kan ta del av eit heilskapleg NAV-tilbod gjekk Valle inn i vertskommunesamarbeid med Bykle, Bygland, Iveland, Åseral og Vennesla der Vennesla kommune er vertskommune frå 01.01.20

I 2019 har kommunen fortsett arbeidet med fokus på tenesteproduksjon med god tenestekvalitet til lågast mogleg kostnad. Rådmannen forsett arbeidet med å utvikle leiargruppa til ein effektiv leiargruppe for Valle kommune. Leiarane skal ha eit medvite forhold til kva som er kommunale oppgåver og ikkje, saman må ein vidareføre arbeidet med å tilpasse tenestetilbodet i tråd med endringar og dei økonomiske rammene som ligg til grunn.

Kommunen har ikkje eit overordna styringssystem for verksemda. Endring av kommunelova gir klare føringar i høve internkontroll i kommunen. Som del av styringssystem har kommunen


starta med å etablere og implementere kvalitetssystem, budsjett og rapporteringssystem. Budsjett og økonomiplan for 2020-23 blei for første gang lagt fram digitalt, eit grep som bidrar til økt tilgjenge og ein open kommune.

Tilsette i Valle kommune har kloke hovud og varme hender. Rådmann ser fram til, saman med tilsette og politikarar, å halde fram arbeidet med å utvikle Valle kommune, og ønskjer å leggje til rette for gode prosesser der administrasjon og politikarar kan utfordre kvarandre for å finne dei gode grep for Valle, i ein kultur der vi er stolt av eigen kommune.

Aud Sunniva Fuhr

Rådmann

## Politisk leiing



Formannskapet har også rolle som administrasjonsutval, då utvida med to representantar frå arbeidstakarorganisasjonane. Møtene i kommunestyret, formannskapet og levekårsutvalet er opne for publikum. I denne perioden er mandatfordelinga i kommunestyret slik: Arbeidarpartiet: 6 medlemmer, Høgre: 2 medlemmer, Senterpartiet: 6 medlemmer, Venstre: 1 medlem

Arbeidarpartiet har ordførar og Høgre har varaordførar

## Administrativ leiing

Frå 2019 er Valle kommune organisert som to-nivå kommune. Administrativ leiing i kommunene er rådmann og leiarane for dei enkelte einingane i kommunen.

Leiargruppa har denne formålsplakaten:



**Mål for Valle kommune som organisasjon**

Valle kommune skal vere ein serviceorientert organisasjon med brukaren i fokus, ein framtidretta samfunnsutviklar og eit truverdig forvaltningsorgan

«Kommuneplanen»

**Formål for rådmannen si leiargruppe**

Rådmannen si leiargruppa skal ha og arbeide for felles haldning til kommunen si målsetting og våre kjerneverdier.

Dette gjer vi gjennom å være ein lærande organisasjon der samhandling og kommunikasjon er prega av profesjonalitet, støtte og tillit.

Arbeidet i leiargruppa skal bidra til fellesskap, fagleg utvikling og tryggleik i leiarrolla samt verdiskaping i organisasjonen.

**Openheit      truverd      respekt      mot**

## Overordna mål

### Regionplan Agder 2030

Regionplan Agder er Agder-regionens viktigste overordnede dokument for regional utvikling. Fylkestingene i Aust-Agder og Vest-Agder vedtok i juni 2019 nye Regionplan Agder 2030 som erstatter gjeldende Regionplan Agder 2020.

Hovedmålet med Regionplan Agder 2030 er å utvikle Agder til en miljømessig, sosialt og økonomisk bærekraftig region i 2030 – et attraktivt lavutslippssamfunn med gode levekår.

Planen har fem hovedsatsingsområder:

- Attraktive og livskraftige byer, tettsteder og distrikter
- Verdiskaping og bærekraft
- Utdanning og kompetanse
- Transport og kommunikasjon
- Kultur

I tillegg har planen tre gjennomgående perspektiv:

- Næringsutvikling og samarbeid om nye arbeidsplasser
- Levekår, likestilling, inkludering og mangfold
- Klima og miljø

Valle kommune vil nytte 2020 til å implementere Regionplanen, viktig i dette arbeidet er planstrategi og samarbeidsavtale mellom Valle kommune og Fylkeskommunen.

### Kommuneplan for Valle kommune 2016 - 2028

Gjeldende kommuneplan for Valle kommune vart vedteke 22.06.2016

#### Overodna mål i kommuneplanen

##### Samfunnsutvikling

kommunane skal medverke til å utvikle lokalsamfunnet og gjere det attraktivt å leve og bu der, mellom anna gjennom god planlegging

##### Tenesteyting

kommunane har eit breitt ansvar for offentlege velferdstenester

##### Forvaltning

kommunane forvaltar mynde i saker etter for eksempel sosial- og helselovgjevinga, plan- og bygningslova m.fl.



## Organisasjonsplan



## Etiske retningslinjer

Valle kommune har utarbeida etiske retningslinjer for folkevalde og tilsette. Dei etiske kjerneverdiane i Valle kommune er openheit, truverdig, respekt og mot. Folkevalde og tilsette har eit sjølvstendig ansvar for at eigne handlingar er i samsvar med dei etiske retningslinjene. Brot på retningslinjene er kritikkverdig, og skal følgjas opp. Alle tilsette i Valle kommune skal oppleve at det er trygt å sei i frå om kritikkverdige forhold, og det vert oppfordra til å varsle om alle kritikkverdige forhold i verksemda. Det er utarbeida rutine for varsling og avvikshandtering i Valle kommune. Det er ikkje registrert varsel om brot på dei etiske retningslinjene i 2019.


## Likestilling og mangfald

### Likestilling

Regional plan for likestilling, inkludering og mangfald er eit av fleire satsingsområde i Agder regionen. Likestillingsarbeidet skal fokusere på kjønn, etnisitet, funksjonsevne, alder, religion/livssyn, seksuell orientering/kjønnsuttrykk/ kjønnsidentitet og sosial bakgrunn. Valle kommune skal ha ei bevist haldning til desse momenta når vi rekrutterer, og i forholdet til våre tilsette. Eit fokus på likestillings- og mangfaldsarbeid er viktig for å skape eit rettferdig og konkurransedyktig arbeidsmiljø samt godt omdømme. Når vi rekrutterer nye medarbeidarar til kommunen oppfordrar vi alle kvalifiserte kandidatar uansett alder, funksjonsevne, kjønn, seksuell orientering, religion eller etnisk bakgrunn til å søkje.

### Kjønnsfordeling:

Tabellen under viser kjønnsfordeling pr. desember 2019 (PAI-registeret). Medrekna er tilsette i faste og midlertidige stillingar. Oversikten visar at ca. 82% av medarbeidarane i Valle kommunen er kvinner. Oppvekst, helse/pleie/omsorg og sentraladministrasjon er einingar med høg kvinneandel. Kommunen ynskjer å utjamne kjønnsfordelinga, og brukar rekrutteringsprosessen i ein viss grad til dette. Rekrutteringsprosessen gir mogligheit for å oppfordre det underrepresenterte kjønn til å søke. Dette har ikkje ført til ynskja resultat då vi har lite tilgang på kvalifisert arbeidskraft.



#### Etnisitet, religion, funksjonsevne m.m

Valle kommune har kvart år fleire personer inne i jobb for å gi språk- og arbeidstrening. Fleire av desse har blitt og blir tilsett på ordinære vilkår. Valle kommune har ikkje en total oversikt over antall tilsette med ulik etnisk, religiøs bakgrunn osv. På leiarnivå og i stillingar med krav til høgare utdanning er andelen låg. I våre stillingsannonser er vi tydelege på at arbeidsplassar i Valle kommune skal pregas av mangfold, og alle kvalifiserte søkjarar vert oppfordra til å søke.

Valle kommune har tilsette som har fått tilpassa sin arbeidstid og sine arbeidsoppgåver etter funksjonsevne og/eller sin reduserte arbeidsevne. Arbeidsgivar har ein plikt til å legge til rette arbeidstid, arbeidsoppgåver, arbeidsmetode og tilby hjelpemidlar. Dette følgjer av arbeidsmiljøloven og anna sentralt lov-avtaleverk som legger føringar på oss som arbeidsgivar. Vi har eit tett og godt samarbeid med NAV og bedriftshelsetenesta når det gjeld tilrettelegging og tilpassing av arbeidsforholdet til tilsette med særskilte behov.

#### Likeløn

Kommunen har eit tariffsystem der majoriteten av dei tilsette får fastsatt løn etter krav til utdanning og ansiennitet. Dette gjeld tilsette innplassert i kapittel 4, tilsette i kapittel 3 og 5 er ikkje omfatta av garantilønssystemet i hovedtariffavtalen, og har ein lokal lønsdanning. Uavhengig av kapittel innplassering vil kjønn, etnisitet, funksjonsevne, alder, religion/livssyn, seksuell orientering/kjønnsuttrykk/ kjønnsidentitet, sosial bakgrunn eller andre utenforliggende hensyn ikkje ha innverknad på lønsplassering.

Kvinnerens månadsforteneste innanfor same stillingskode var i 2019 på 98,3% av menns og innanfor same stillingsgruppe 102,4%. Tala for resten av kommune Noreg er 97,8% (stillingskode) og 98% (stillingsgruppe). I all hovudsak så ser vi små forskjellar mellom kvinner og menn når det gjeld månadsforteneste i Valle kommune.

## HMS

HMS er eit lovpålagt satsingsområde innanfor norsk arbeidsliv. Valle kommune har som arbeidsgjevar eit ansvar for å arbeide systematisk med helse, miljø og sikkerhet for våre tilsette, og dei tenestene vi leverer. Arbeidstakarane har på si side ansvar for å bidra i dette arbeidet.

Arbeidet med revisjon av overordna HMS handbok vart starta mot slutten av 2019, og skal slutførast våren 2020.

Innan 15. mai kvart år skal det gjennomførast vernerunde ved alle verneområda i kommunen. Det utarbeidas ein rapport basert på funn og avvik i vernerunda. Arbeidsmiljøutvalet behandlar alle rapportane frå verneområda for å vurdere særskilt oppfølging, og som ein kontroll på at avvika vert lukka og handtert.

### Arbeidsmiljøutvalet (AMU)

Arbeidsmiljøutvalet (AMU) er eit besluttande og rådgivande samarbeidsorgan som skal virke for gjennomføringa av eit fult forsvarleg arbeidsmiljø i verksemda. Utvalet skal delta i planlegginga av verne- og miljøarbeidet i verksemda, og følge nøye med på utviklinga av arbeidsmiljøet. AMU består av tre representantar frå arbeidsgivar og tre arbeidstakarrepresentantar:

Arbeidsgivar: Rådmann, leiar økonomi, fagansvarleg personal

Arbeidstakar: Hovudverneombod, hovudtillitsvald Utdanningsforbundet, hovudtillitsvald Fagforbundet

Representant frå bedriftshelsetenesta er fast medlem i utvalet, men har ikkje stemmerett.

AMU gjennomførte fire møte 2019 – 5. februar, 7. mai, 24. september og 3. desember. AMU har blant anna behandla desse sakane:

- Skulestruktur i Valle kommune
- Avviksrapportering
- Sjukefråvær
- Handlingsplan for 2019 Lund bedriftshelsetenesta
- Årshjul kontroll og oppfølgingspunkt HMS og AMU 2019
- Eigenmeldingsordning i Valle kommune
- Rapport frå vernerundar
- Retningsliner for førebygging og handtering av vold og truslar mot tilsette
- Reglement for bedriftsleilegheit i Kristiansand
- Budsjett 2020 og økonomiplan 2020/2023
- Røyke og snus avvenjing tilbod om kurs

### Bedriftshelseteneste

Bedriftshelsetenesta er ein viktig del av kommunens systematiske HMS-arbeid. Valle kommune har i samråd med bedriftshelsetenesta utarbeida ein handlingsplan for 2019. Planen inneheld sentrale aktivitetar der bedriftshelsetenesta skal bidra i løpet av året. Lund bedriftshelseteneste er fast deltakarar i AMU samt i Møteplassen. Bedriftshelsetenesta skal være fagkyndige og rådgivande innan førebyggjande helse-, miljø- og sikkerheitsarbeid, og skal bistå arbeidsgivar og dei tilsette med å følge med og følge opp arbeidsmiljøet og komme med forslag til forbetringar.

### Great place to work (GPTW)

Medarbeidarundersøkinga Great place to work (GPTW) vart gjennomført for andre gong våren 2018. GPTW måler medarbeidaranes tillit til leiinga, stoltheit til jobben ein gjer, og fellesskapet til kollegaer. Dette er ikkje ein leiarevaluering, men ein evaluering av leiarskapet som heilhet i Valle kommunen – ein kartlegging av arbeidsmiljøet. Undersøkinga gir grunnlag for eit kontinuerleg forbetningsarbeid, dette arbeidet er pågåande i avdelingane og vert fylgt opp i arbeidsmiljøutvalet. Valle kommune har vedtatt å gjennomføre medarbeidarundersøking annan kvart år. Neste undersøking er planlagt hausten 2020. Målsetninga er å sjå at det forbetningsarbeidet som er satt i gang har ein effekt på arbeidsmiljøet i verksemda.

### Velferdstiltak

- Bedriftsleilegheita i Kristiansand er eit svært positivt tiltak, og den er mykje nytta. I 2019 hadde ein totalt 94 overnattingsdøgn i leilegheita.
- Det er høve til å trimme i arbeidstida for alle tilsette med inntil ein time i veka.
- Det har vore skipa til jolebord i 2019 for alle tilsette. Det var ingen tilsette som var 25-årsjubilarar i 2019 (gullklokke/gåvekort kandidat)
- Arbeidstakarar som har gått av med AFP og alderspensjon har vert gjeve gåvekort til ein verdi av kr 3 000,-.
- Fast tilsette arbeidstakarar som har fylt 50, 60 og 70 år har vert gjeve gåvekort til verdi av kr 1 000,-

## **Internkontroll**

Valle kommune har innført Kvalitetssystemet Compilo som er eit modulbasert, helhetlig kvalitetssystem. Valle kommune har tatt i bruk følgjande modular: dokumenthandtering, avvik/varsling og årshjul.

Pleie og omsorg er den eininga som har brukt verktøyet i stort omfang i kommunen. Arbeidet med å implementere Compilo i heile verksemda er revitalisert i 2019, og erfaringa frå Pleie og omsorg blir viktig i det vidare arbeidet med å få heile verksemda og alle tilsette til å bruke systemet.

Ansvar for implementering er lagt til økonomiavdelinga. Det er etablert ei arbeidsgruppe som har jobba med mappestruktur og innhald. Dette arbeidet vil halde fram i 2020.

Alle prosedyrar, rutinar osv. skal bli lagt inn i Compilo. Desse dokumenta skal bli gjennomgått etter ei viss tid, og vil bli oppdatert av ein revisjonsansvarleg. Det blir lagt inn ein framtidig revisjonsdato på alle dokument i systemet, og revisjonsansvarleg vil få ei påminning når det er tid for revisjon.

Alle tilsette i Valle kommune vil få tilgang til Compilo, og lesetilgang til samtlege dokument i systemet.

## Folketal, bustad og næring

### Folketal:



Folketal (per 4. kvartal 2019):

1164 innbyggjarar

Folketal (per 4. kvartal 2018):

1156 innbyggjarar

---

### Endringar i befolkninga:



Fødde:


10 personar (per 2019)



Døde:

7 personar (per 2019)

---



Vekst i befolkninga siste kvartal:

3 personar (per 4. kvartal 2019)

---

Bustad:



Einebustader:


610



Hytter:

1346

Næring:



Kilde: Registerbasert sysselsetting, Statistisk sentralbyrå

## Driftskostnader Valle kommune - Kostragruppe 6

Nedanfor blir det synt tre tabellar som alle søker å samanlikne driftsnivået i Valle kommune med driftsnivået til gjennomsnittet i kostragruppe 6. Tabell 1 fortel noko om korleis utviklinga i driftsnivå i eigen kommune har vore frå 2018-2019 og korleis driftsnivået i Valle kommune er i forhold til kostragruppe 6. Tabell 2 er noko utvida i høve mengda data i høve Tabell 1, her er det tatt med driftsutgifter per innbyggjar for dei ulike tenestene og kva skilnaden i høve kostragruppe 6 utgjer i prosent. Tabell 3 syner kva nivå ein har på drift av Administrasjon samanlikna med kostragruppe 6. Grunnen til at ein vel å syne driftsnivå for administrasjon her, og ikkje under eininane, er at funksjonen 120 Administrasjon, er eit samleomgrep som inneheld element både frå velkomst, rådmann, skulefagleg ansvarleg, fagansvarleg personal, økonomiavdelinga og teknisk avdeling. Driftskostnadene for politisk styring, grunnskule, barnehage, barnevern, pleie og omsorg, kommunehelse, sosiale tenester, kultur og idrett og kirke blir framstilt i kapittelet for einingane.

Tabell 1 nedanfor syner driftsnivået for ulike sektorar/område i Valle kommune samanlikna med gjennomsnittet i kostragruppe 6. Ut frå tabellen kan ein sjå kva handlingsrom Valle kommune har målt i kroner – samanlikna med gjennomsnittet i kostragruppe 6. Tal i tabellen under som har eit minusteikn (-) framføre sjølve talet, fortel at ein har eit driftsnivå som er lågare enn gjennomsnittet for den samanlikna kommunegruppa. Tabellen syner og kva utvikling Valle kommune har hatt på enkelte område i høve driftskostnader frå 2018 – 2019.

Ein har i oversikta nedanfor vald å ikkje inkludere data for «Næringsforvaltning og konsesjonskraft» med funksjonane 320, 321, 325.

Talmaterialet under er justert for kommunens utgiftsbehov, er henta frå SSB, og syner dei siste registreringane som er gjorde i 2019. Tala vart offentleggjort 15. mars 2020. Tala er førebelse, endelege tal føreligg 1.juli 2020.

I kolonna heilt til høgre har ein markert med grønt der ein har hatt ei positiv utvikling i driftskostnader på området i høve til gjennomsnittet i kostragruppe 6. Raud markering syner ei auke i driftskostnadene i høve eiga kostragruppe. Ein ser at der har vore ei positiv utvikling i 2019 på fleire av tenestene. Tenesta «Kommunehelse» har i denne oversikta størst negativ utvikling i høve driftsnivå. Tabellen syner at Valle kommune har eit driftsnivå som er 16,6 millionar kroner høgare enn gjennomsnittet i kostragruppe 6 på dei tenestene som er synt nedanfor.



**Tabell 1, Kostra-tal:**

Formål	Kostragruppe 6:	
	Teoretisk handlingsrom i mill.	Teoretisk handlingsrom i mill.
	2018	2019
Grunnskole	5,2	1,8
Pleie og omsorg	6,3	2,7
Barnevern	-0,1	-0,1
Barnehage	2,5	1,0
Kommunehelse	3,3	4,6
Sosiale tjenester	-0,7	0,0
Kultur og idrett	6,1	4,2
Plan, kulturminner, natur og nærmiljø	2,1	0,6
Adm, styring og fellesutgifter	3,2	0,8
Brann og ulykkesvern		0,2
Kommunale boliger		-1,2

## Årsmelding 2019

Samferdsel	0,2
Kirke	1,8
<b>Totalt</b>	<b>16,6</b>

Tabellen nedanfor syner driftsnivået for Valle kommune samanlikna med gjennomsnittet i kostragruppe 6. Ut frå tabellen kan ein sjå både driftsnivå per innbyggjar og handlingsrom målt i kroner og prosent – alt samanlikna med gjennomsnittet i kostragruppe 6. Tal i tabellen under som har eit minusteikn (-) framføre sjølve talet, fortel at ein har eit driftsnivå som er lågare enn gjennomsnittet for den samanlikna kommunegruppa.

**Tabell 2, Kostra-tal:**

Formål	Indikator	Valle	Gjennomsnitt for Kostragr. 6	Folketal	Teoretisk handlingsrom i mill.	Teoretisk handlingsrom %
<b>Grunnskole</b>	Netto driftsutgifter pr. innbyggjar til Grunnskole (B)	19 104	17 859	1 164	1,8	8
<b>Pleie og omsorg</b>	Netto driftsutgifter pr. innbyggjar til Pleie og omsorg (B)	22 991	21 291	1 164	2,7	10
<b>Barnevern</b>	Netto driftsutgifter pr. innbyggjar til Barnevern (B)	2 071	2 215	1 164	-0,1	-6
<b>Barnehage</b>	Netto driftsutgifter pr. innbyggjar til Barnehage (B)	11 663	10 434	1 164	1,0	8
<b>Kommunehelse</b>	Netto driftsutgifter pr. innbyggjar til Kommunehelse (B)	5 729	3 502	1 164	4,6	69
<b>Sosiale tjenester</b>	Netto driftsutgifter pr. innbyggjar til Sosiale tjenester (B)	3 057	3 072	1 164	0,0	0
<b>Kultur og idrett</b>	Netto driftsutgifter pr. innbyggjar til Kultur og idrett (B)	6 875	3 296	1 164	4,2	52

## Årsmelding 2019

<b>Plan, kulturminner, natur og nærmiljø</b>	Netto driftsutgifter pr. innbygger til Plan, kulturminner, natur og nærmiljø (B)	1 867	1 334	1 164	0,6	29
<b>Adm, styring og fellesutgifter</b>	Netto driftsutgifter pr. innbygger til Adm, styring og fellesutgifter (B)	8 003	7 674	1 164	0,8	9
<b>Brann og ulykkesvern</b>	Netto driftsutgifter pr. innbygger til Brann og ulykkesvern (B)	2 018	1 865	1 164	0,2	8
<b>Kommunale boliger</b>	Netto driftsutgifter pr. innbygger til Kommunale boliger (B)	-781	278	1 164	-1,2	0
<b>Samferdsel</b>	Netto driftsutgifter pr. innbygger til Samferdsel (B)	3 463	3 298	1 164	0,2	5
<b>Kirke</b>	Netto driftsutgifter pr. innbygger til Kirke (B)	3 160	1 635	1 164	1,8	48

## Årsmelding 2019

**Tabell 3 Admininstrasjon, Kostra-tal:**

Formål	Indikator	Valle	Gjennomsnitt for Kostragr. 6	Teoretisk handlingsrom i mill.
- 120 Admininstrasjon	Netto driftsutgifter per innbygger (120) administrasjon (B)	5 366	5 574	-0,5
- 121 Forvaltningsutgifter i eiendomsforvaltningen	Netto driftsutgifter per innbygger (121) forvaltningsutgifter i eiendomsforvaltningen (B)	329	176	0,4
- 130 Administrasjonslokaler	Netto driftsutgifter per innbygger (130) administrasjonslokaler (B)	348	480	-0,3
- 180 Diverse fellesutgifter	Netto driftsutgifter per innbygger (180) diverse fellesutgifter (B)	186	285	-0,2
- 190 Interne serviceenheter	Netto driftsutgifter per innbygger (190) interne serviceenheter (B)	-2	0	0,0
- 285 Tjenester utenfor ordinært kommunalt ansvarsområde	Netto driftsutgifter per innbygger (285) tjenester utenfor ordinært kommunalt ansvarsområde (B)	491	103	1,0
- 290 Interkommunale samarbeid (§§ 27/28a - samarbeid)	Netto driftsutgifter per innbygger (290) interkomm. samarbeid (§§ 27/28a - samarbeid) (B)	2	13	0,0

Ein ser av tabellen ovanfor at funksjonen 121 Forvaltningsutgifter i eiendomsforvaltningen har driftsnivå som er 400 000 over kostragruppe 6. Funksjonen 120 Admininstrasjon har eit driftsnivå som er 500 000 kr lågare enn gjennomsnittet for kostragruppe 6.

## Sentrale kapittel

Årsmeldinga knytter kommentarar og vurderingar til rekneskapen og drifta gjennom året som har gått og gir dessutan informasjon om økonomien og drift i dei ulike einingane, dette framgår av omtale gitt for rammeområda der også omtale om sjukefråvær og utfordringar vert gitt i tillegg til omtale av økonomi i einingane

### Totaloversikt økonomi – rekneskapsskjema 1A - driftsinntekter

	Note	Regnskap 2019	Regulert budsjett	Opprinnelig budsjett	Regnskap 2018	Avvik mot regulert bud.	
						Beløp	Forbr. %
1 Skatt på inntekt og formue		32 461 049	32 051 000	32 051 000	30 903 699	410 049,48	101,28 %
2 Ordinært rammetilskudd		41 454 295	42 820 000	42 820 000	42 497 047	-1 365 705,00	96,81 %
3 Skatt på eiendom		28 229 796	24 640 000	27 500 000	28 354 604	3 589 796,00	114,57 %
4 Andre direkte eller indirekte skatter		28 500 060	25 000 000	25 000 000	23 394 645	3 500 060,00	114,00 %
5 Andre generelle statstilskudd		3 846 837	3 820 000	4 893 000	6 665 118	26 837,00	100,70 %
<b>6 Sum frie disponible inntekter</b>							
<b>Sum (L1:L5)</b>		<b>134 492 037</b>	<b>128 331 000</b>	<b>132 264 000</b>	<b>131 815 113</b>	<b>6 161 037,48</b>	<b>104,80 %</b>
7 Renteinntekter og utbytte		7 906 151	7 606 000	7 606 000	7 882 885	300 150,54	103,95 %
8 Gevinst finansielle instrumenter (omløpsmidler)		0	0	0	0	0,00	
9 Renteutgifter, provisjoner og andre finansutgifter		3 386 658	3 447 000	3 447 000	2 978 653	-60 342,18	98,25 %
10 Tap finansielle instrumenter (omløpsmidler)		0	0	0	0	0,00	
11 Avdrag på lån	6	12 456 257	12 645 000	12 645 000	12 103 582	-188 742,99	98,51 %
<b>12 Netto finansinntekter/-utgifter</b>							
<b>Sum (L7:L11)</b>		<b>-7 936 764</b>	<b>-8 486 000</b>	<b>-8 486 000</b>	<b>-7 199 350</b>	<b>549 235,71</b>	<b>93,53 %</b>
13 Til dekning av tidligere års regnskapsmessige merforbruk	9	0	0	0	0	0,00	
14 Til ubundne avsetninger	9	6 703 675	6 703 675	0	3 450 472	0,00	100,00 %
15 Til bundne avsetninger	9	14 147 976	12 020 000	12 020 000	10 001 664	2 127 976,00	117,70 %
16 Bruk av tidligere års regnskapsmessige mindreforbruk	9	6 703 675	6 703 675	0	3 450 472	0,00	100,00 %
17 Bruk av ubundne avsetninger	9	2 857 000	2 857 000	0	5 460 000	0,00	100,00 %
18 Bruk av bundne avsetninger	9	12 000 000	12 039 000	12 000 000	10 917 579	-39 000,00	99,68 %
<b>19 Netto avsetninger Sum (L13:L18)</b>		<b>-709 024</b>	<b>-2 876 000</b>	<b>20 000</b>	<b>-6 375 915</b>	<b>2 166 976,00</b>	<b>24,65 %</b>
20 Overført til investeringsregnskapet	9	0	350 000	350 000	1 575 000	-350 000,00	0,00 %
<b>21 Til fordeling drift</b>							
<b>L6 + L12 - L19 - L20</b>		<b>127 264 297</b>	<b>122 371 000</b>	<b>123 408 000</b>	<b>129 416 678</b>	<b>4 893 297,19</b>	<b>104,00 %</b>
22 Sum fordelt til drift (fra skjema 1B)		125 701 909	122 371 000	123 408 000	122 713 004	3 330 909,00	102,72 %
<b>23 Regnskapsmessig merforbruk/mindreforbruk (L22 - L21)</b>	9	<b>-1 562 388</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>-6 703 674</b>	<b>-1 562 388</b>	

Kommentarar til rekneskapsskjema 1A:

3. Budsjettet for eigedomsskatt vart i sak 75/19 justert ned med 2,850 mill. kroner etter forventa nedjustering av skattegrunnlaget, noko som synte seg å ikkje vera tilfelle.

4. Meirinntekt frå naturressursskatt, jf line 1 og 2 i tabellen der skatteutjamninga fører til trekk i rammeoverføringane.

9. Avsetning til bundne fond over budsjett med 2,127 mill. kroner er i all hovudsak avsetning til næringsfondet frå meirinntekt frå konsesjonsavgift og renteavsetning i tråd med retningslinene for fondet.

#### Rammevilkår og driftsføresetnadar

Rammevilkåra for budsjett 2019 framgår av statsbudsjettet for 2019. Forventa løns- og prisvekst (deflator) på 2,8 %. Tilskot til tidleg innsats i skulen gjennom auka lærarinnsats på 1.-10. klassesteg er ei ordning med overføringar utforbi rammeoverføringane, det same gjeld for integreringstilskot for motak av flyktningar.

Dette gjer eit samla oversyn og kommentarar til rekneskapen sett i høve til den driftsføresetnadanane som ligg til grunn for drifta i Valle kommune i 2019 i høve til gjeldande budsjett.

Budsjettregulering er føretatt i sak 75/19 der driftsramme vart auke med netto 1,396 mill. kroner finansiert ved bruk av bunde fond med kr 39 000 og disposisjonsfond med 1,357 mill. kroner. I sak 96/19 vart netto driftsramme auka med 1,5 mill. kroner finansiert ved bruk av disposisjonsfond. Budsjettregulering for investeringar er føretatt i sak 75/19 med ein reduksjon i brutto investeringsramme på 6,216 mill. kroner og i sak 96/19 med ein brutto auke i investeringsramme på 1,6 mill. kroner, til ei samla brutto budsjetttramme for investeringar på 14,204 mill. kroner.

Budsjettet på frie inntekter frå rammeoverføringar, person- og naturressursskatt og konsesjonsavgifter er ikkje blitt endra gjennom 2019. Budsjett for eigedomsskatt vart redusert med 2,860 mill. kroner i sak 75/19, i same sak vart også integreringstilskot justert ned med 1,073 mill. kroner.

Utbytte frå eigarandelen på 1,13 % i Agder Energi er i tråd med budsjett der utbytteplanen med 400 mill. kroner i utbytte ligg i botn og deretter 60 % utbetaling av eit eventuelt overskot utover dette til eigarane. Dette ligg til grunn for budsjettet.

Inntekter frå konsesjonskraft er budsjettert i tråd med Konsesjonskraft IKS sin prognose for 2019.

#### Driftsrekneskapen for 2019

Rekneskapen for 2019 syner eit mindreforbruk på kr 1 562 388. Hovudtale skriv seg frå at rammeområda har eit meirforbruk på omlag 3,4 mill. kroner. Meirinntekter frå skatt, rammeoverføringar og eigedomsskatt ga meirinntekter på omlag 6,1 mill. kroner. Netto finansinntekter-/kostnader syner eit mindreforbruk på omlag 0,8 mill. kroner. Premieavviket ga ei meirinntekt på omlag 0,2 mill. kroner over budsjett.

Netto driftsresultat er på kr 2 649 356 og utgjør omlag 1,3 % av brutto driftsinntekter. Regulert budsjett syner – (minus)kr 3 882 000 som er –(minus) 2,2 % av budsjetterte driftsinntekter.

Lønnskostnader medrekna sosiale kostnader, etter fråtrekk for refusjon for sjuke- og fødselspengar frå nav, utgjør 104,6 mill. kroner i rekneskapen for 2019 mot budsjettert 101,3 mill. kroner som er omlag 3,3 mill kroner og 3,2 % over budsjettert. Meirforbruket har ingen særskilt årsak, men fordeler seg jamt over fleire ulike lønsartar og utover i organisasjonen.

Andre vare- og tenestekjøp har eit meirforbruk på omlag 2,5 mill. kroner i høve til budsjettert. Dette omhandlar all kjøp av varer og tenester som ikkje er tenestekjøp som erstattar kommunal produksjon. Dei mest tydelege områda der rekneskapen syner meirforbruk er utgifter til lisensar, konsulenttenester, driftsavtalar og tenestekjøp for private helsetenester. Tenestekjøp omhandlar kjøp frå stat, andre kommunar og IKS til dømes. Her framkjem eit mindreforbruk på omlag 1 mill. kroner

Salsinntekter, herunder brukarbetaling og andre sals- og leigeinntekter ligg over budsjett med omlag 2 mill. kroner. Fordelte utgifter framkjem som ei meirinntekt med 3,6 mill. kroner, men dette er kun ei intern fordeling av kostnader på andre artsgrupper i rekneskapen.

Under refusjonar inngår refusjon av sjuke- og fødselspengar frå nav med omlag 5,3 mill. kroner, i tråd med tidlegare år, er denne ikkje budsjettert. Momskompensasjon i drift ligg på eige ansvar og syner omlag 0,6 mill. kroner i meirkompensasjon over budsjett. Andre refusjonar, der inntektene ligg omlag 2,5 mill. kroner over budsjettert nivå, skriv seg frå innbetaling knytt til utbyggingsavtalar i Brokke, der innbetalt beløp vert avsatt til løyvefond etter avtale. Dette er inntekter som ikkje har innverknad på driftsresultatet. Andre refusjonar, der inntektene ligg betydeleg over budsjettert nivå, gjeld refusjon frå andre kommunar i samband med Valle kommune sin rolle som vertskommune for barnevern saman med Bykle og Bygland. Valle kommunen deltek i ulike prosjekt, der ein søker midlar frå fylkesmannen og staten, slike prosjektmidlar vert ved fleire høve ikkje budsjettert, då ein ikkje kjenner storleiken eller omfang av prosjekta. Ikkje nytta deler av slike midlar vert sett av til fond for bruk i andre driftsår og verkar slik ikkje inn på driftsresultatet.

## Sentrale inntekter

Beløp i 1000

	Oppr. bud.	Rev. bud. 2019	Regnskap	Avvik i kr	Regnskap i fjor
Frie disponible inntekter					
Skatt på inntekt og formue	-32 051	-32 051	-29 697	-2 354	-30 904
Ordinært rammetilskudd	-42 820	-42 820	-41 454	-1 366	-42 497
Skatt på eiendom	-27 500	-24 640	-28 230	3 590	-28 355
Andre direkte eller indirekte skatter	-25 000	-25 000	-31 264	6 264	-23 395
Andre generelle statstilskudd	-4 893	-3 820	-3 847	27	-6 665
<b>Sum Frie disponible inntekter</b>	<b>-132 264</b>	<b>-128 331</b>	<b>-134 492</b>	<b>6 161</b>	<b>-131 815</b>

Rammetilskot og skatt frå inntekt og formue, der naturressursskatten frå kraftproduksjonen inngår, utgjør Valle sine frie inntekter der rekneskapen for 2019 syner inntekter på omlag 2,5 mill. kroner over budsjett, i hovudsak skriv dette seg frå naturressursskatten.

Fom 2019 skriv Valle kommune ut eigedomsskatt kun etter eigedomsskattelova § 3c på kraftanlegg. Rekneskapen syner omlag 3,5 mill. kroner i meirinntekt enn budsjettert. Takstgrunnlaget for utskrivning av eigedomsskatt er gitt av Skatteetaten og takstar fastsatt lokalt.

Inntekt frå konsesjonsavgift og konsesjonskraft er omtrent som budsjettert. Andre sentrale inntekter er integreringstilskot for flyktningar, rentekompensasjon til skulebygg og pleie- og omsorgssektoren gitt med årleg tilskot som er omtrent som budsjettert.

Samla ligg dei sentrale inntektene for Valle kommune omlag 6,1 mill. kroner over budsjett.

## Finansinntekter og -utgifter

Beløp i 1000

	Oppr. bud.	Rev. bud. 2019	Regnskap	Avvik i kr	Regnskap i fjor
Finansinntekter/-utgifter					
Renteinntekter og utbytte	-7 513	-7 513	-7 906	393	-7 857
Renteutgifter, prov. og andre fin.utgifter	3 447	3 447	3 387	60	2 976
Avdrag på lån	12 645	12 645	12 456	189	12 104
Sum Finansinntekter/-utgifter	8 579	8 579	7 725	854	7 223

Finansinntekter og finansutgifter syner eit positivt avvik i høve til budsjett på omlag 0,85 mill kroner. Lågare avdragskostnad på lån, høgare renteinntekter og lågare rentekostnader. Utbytte frå Agder Energi var vel 0,1 mill. kroner over budsjett.

## Utvikling i netto driftsresultat

Beløp i 1000

	Oppr. bud.	Rev. bud.	Regnskap	Regnskap i fjor
Bruk av avsetninger				
Bruk av tidligere års regnskapsmessige mindreforbruk	0	-6 704	-6 704	-3 450
Bruk av disposisjonsfond	-821	-3 678	-3 620	-6 173
Bruk av bundne driftsfond	-12 588	-12 627	-12 505	-11 424
<b>Sum bruk av avsetninger</b>	<b>-13 409</b>	<b>-23 009</b>	<b>-22 829</b>	<b>-21 048</b>
<b>Avsetninger</b>				
Overført til investering	350	350	0	1 575
Avsatt til disposisjonsfond	0	6 704	6 704	3 450
Avsatt til bundne driftsfond	12 073	12 073	17 212	13 020
<b>Sum avsetninger</b>	<b>12 423</b>	<b>19 127</b>	<b>23 916</b>	<b>18 046</b>
<b>Netto driftsresultat</b>	<b>986</b>	<b>3 882</b>	<b>-2 649</b>	<b>-3 701</b>
<b>Sum driftsinntekter</b>	<b>-185 680</b>	<b>-180 347</b>	<b>-200 756</b>	<b>-190 439</b>
<b>Netto driftsresultat i prosent av driftsinntekter</b>	<b>-0,5 %</b>	<b>-2,2 %</b>	<b>1,3 %</b>	<b>1,9 %</b>

Kommunen sin finansielle stilling er ein viktig indikasjon på kva føresetnad kommunen har for å kunne gje eit forsvarleg tenestetilbod på lang sikt. Valle kommune har satt tre indikatorar for å uttrykke kva økonomisk handlekraft kommunen har:

- Netto driftsresultat over tid i gjennomsnitt minst 2 %.
- Forsvarleg nivå på lånegjeld (i prosent av brutto driftsinntekter).
- Disposisjonsfond på omlag 20 mill. kroner.

Eit netto driftsresultat på 1,3 % i 2019 er under målet som er satt på minst 2 %. Disposisjonsfondet er netto blitt redusert med omlag 2,5 mill. kroner. Nivået på disposisjonsfondet ved utgangen av 2019, utan å hensynta vedtatt bruk og avsetningar til disposisjonsfondet i budsjettet for 2020, på omtrent 10,9 mill. kroner, altså under indikatoren som er satt for eit disposisjonsfond på minst 20 mill. kroner.



Netto lånegjeld (langsiktig gjeld ekskl. lån til utlån og pensjonsforpliktelsar) utgjør 75,2 % av driftsinntektene pr. 31.12.19. Lånegjeld pr. 31.12.19 er på omlag 150 mill. kroner. Å ha eit forsvarleg nivå på lånegjeld gjer kommunen eit større økonomisk handlingsrom. Binde store deler av budsjettet opp i forpliktelsar i form av renteutgifter og avdrag vil handlingsrommet verta redusert. Dei siste åra har rentenivået vore lågt og utviklinga vidare ligg an til lågt rentenivå. Valle kommune har gjort fleire store investeringar dei seinare åra der det har vore naturleg med større låneopptak for å dekkja finansieringa. Når store investeringar skal gjennomførast er det naturleg at gjeldsgraden aukar, men det er anbefalt at alle investeringar likevel har ei eigenfinansiering gjennom bruk av fond.

## Budsjettskjema 2A – Investering

Beløp i 1000

	Oppr. bud.	Rev. bud. 2019	Regnskap 2019	Avvik i kr	Regnskap 2018
<b>Finansieringsbehov</b>					
Investeringer i anleggsmidler	18 820	14 204	15 746	1 542	34 608
Utlån og forskutteringer	0	2 000	2 130	130	1 400
Kjøp av aksjer og andeler	600	600	601	1	689
Avdrag på lån	0	0	659	659	566
Dekning av tidligere års udekket	0	4 998	4 998	0	0
Avsetninger	0	2 650	2 056	-594	500
<b>Årets finansieringsbehov</b>	<b>19 420</b>	<b>24 452</b>	<b>26 190</b>	<b>1 738</b>	<b>37 764</b>
<b>Ekstern finansiering</b>					
Bruk av lånemidler	-13 169	-10 754	-11 365	611	-20 021
Inntekter fra salg av anleggsmidler	0	-2 650	-2 725	75	-760
Tilskudd til investeringer	-487	-487	-894	407	-1 012
Kompensasjon for merverdiavgift	-3 749	-1 413	-1 539	126	- 6411
Mottatte avdrag på utlån og refusjoner	-1 000	-1 350	-1 524	173	- 1204
Andre inntekter	0	0	0	0	- 38
<b>Sum ekstern finansiering</b>	<b>-18 620</b>	<b>-16 654</b>	<b>-18 048</b>	<b>- 1394</b>	<b>-29 447</b>
<b>Intern finansiering</b>					
Overført fra driftsbudsjettet	0	0	0	0	-1 575
Bruk av avsetninger	-800	-7 798	-8 142	-344	-1 744
<b>Sum intern finansiering</b>	<b>-800</b>	<b>-8 148</b>	<b>-8 142</b>	<b>-344</b>	<b>- 3319</b>
<b>Merforbruk -/mindreforbruk +</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>4 498</b>

Tabell 2A syner finansieringsbehov og finansiering av investeringar i 2019. Investeringane er finansiert med egne midlar og låneopptak. Avvik i brutto investering i anleggsmidler er på omlag 1,5 mill. kroner, avvika framgår av tabell 2 B for dei ulike investeringsprosjekta med kommentar.

Avdrag på lån, innlånte midlar til vidare utlån som startlån ført i investeringrekneskapen, hadde manglande budsjettering og heile beløpet på omlag 0,6 mill. kroner framkjem som avvik.

Avvik på 0,6 mill. kroner frå bruk av lånemidler til finansiering av utlån av startlån utover budsjett.

Avvik på tilskudd til investeringar er spillemidler frå investeringsprosjekt gitt tilsagn i 2019.



Årsmelding 2019

Budsjettskjema 2B – per område

		Regnskap 2019	Regulert budsjett	Opprinnelig budsjett	Regnskap 2018
<b>INVESTERINGER I ANLEGGSMIDLER</b>					
<b>FORDELT SLIK:</b>					
414	Velferdsteknologi PLO	0	370 000	370 000	0
560	Valle reinseanlegg	0	0	0	368 123
668	Kyrkjestoge/bibliotek	150 930	0	0	21 291 769
572	Nytt reinseanlegg Rysstad	0	0	0	650 324
583	Verkstad Reinarmoen	0	0	0	160 637
607	Traktor	0	0	0	775 012
704	Investeringstilskot Valle kyrkje	250 000	250 000	0	0
722	Oppgradering Hylestad soknehus	177 570	200 000	200 000	6 440 146
751	Valle sentrum oppgradering/utvikling	320 037	0	0	2 031 893
763	Gang og sykkelveg Valle kyrkje til Valle set	0	0	0	48 320
779	Pause- og leikeplass Rysstad	62 475	0	0	786 685
782	Myklevatn turløype 12 km	0	0	0	55 231
810	Utvide Leite bustadfelt	171 807	250 000	1 100 000	910 824
819	Kjøp av leilegheit	2 017 275	2 000 000	0	0
833	Omsorgsleilegheiter på Bygdeheimen	0	0	500 000	0
834	Leitebakken bustadfelt	0	0	0	315 250
893	Tur-/skiløype Brokke	0	0	0	37 500
904	Ny brannstasjon Rysstad	306 940	100 000	500 000	0
2502	Ombyggjing Valle skule/SFO 2019	1 423 921	1 400 000	0	0
3006	Solavskjerming Hylestad skule	0	0	0	111 433
3015	Valle skule - varmpumpe	205 375	180 000	0	0
3501	Oppgradering laboratorium Valle legekonto	140 309	150 000	150 000	107 308
4008	Bygdeheimen - Ventilasjonsanlegg, nord	0	300 000	300 000	0
4011	Bygdeheimen - ventilasjon Sør, nytt	1 567 919	1 340 000	1 000 000	32 463
5504	Sjøppelbu Bjømevatn	190 134	0	0	0
5801	Arbeidsbil - teknisk	119 000	119 000	0	0
6000	Kalkingsanlegg og kalkdosører	89 631	0	0	0
6002	Oppgradering av symjehallen	0	0	0	399 761
6503	Oppgradering toalettanlegg Valle kultursen	283 292	250 000	250 000	0
6508	Meirope bibliotek - Sæbyggjen	231 195	0	0	0
7502	Saksutgreiing gang- og sykkelveg Bestelan	0	100 000	100 000	0
7602	Volkswagen Caddy PX61618	145 000	145 000	0	0
7803	Klatrevegg Vallehallen	0	0	1 000 000	0
7804	Områdereregulering Rysstad sentrum	0	0	400 000	0
7805	Områdereregulering Valle sentrum	0	350 000	350 000	0
8501	Tilbygg på verkstad på Øyne	0	0	0	46 150
8900	Ramme - utvikling Brokke	0	200 000	6 100 000	0
8902	Ballbinge Furustøyl	0	0	0	18 750
8903	Sykkelpark Furustøyl	0	0	0	18 750
8905	Rulleskiløype Brokke (kommunal)	724 409	0	0	0
9002	Valle brannstasjon	6 604 778	6 500 000	6 500 000	0
832	Sal av kommunal bustad	82 175	0	0	0
2005	Etablering næringsareal - kommunehuset	448	0	0	0
248	Finansiell leasing - kontormaskiner	481 341	0	0	0
	Avrunding/(mva- 2019)	142	0	0	1 949
<b>SUMFORDELT</b>		<b>15 746 103</b>	<b>14 204 000</b>	<b>18 820 000</b>	<b>34 608 278</b>

Fleire av investeringsprosjekta i 2019 er prosjekt som har gått over fleire år i inneverande økonomiplanperiode med ei utgiftsramme som går over økonomiplanperioden. I tillegg er der investeringsprosjekt som nyleg er starta opp som går fleire år inn i neste økonomiplanperiode for 2020-2023. Dette vil gjelda for prosjekt 8900 Ramme utvikling Brokke. For 2019 er her eit meirforbruk på vel 0,5 mill. kroner i høve budsjettamme for 2019. Valle kommune har ikkje prosjektansvar, det er av den grunn vanskeleg å sjå på kva tid kostnadane vil koma. Likevel er det budsjettåret si ramme for investeringar som er gjeldande som ramme i budsjettåret. Av tabellen ser ein at nokre av desse prosjekta overskrider budsjettåret 2019 si ramme eller manglar budsjettamme for 2019. Dette gjeld prosjekt 779 Pause og leikeplass på Rysstad og prosjekt 668 Kyrkjestoge/bibliotek.

Kostnadane i prosjekt 751 Valle sentrum oppgradering vert omtrent fullfinansiert ved bidrag frå sentrumsforeininga i Valle etter avtale.

Prosjekt 4008 og prosjekt 4011 må sjåast i samanheng. Begge prosjekta gjeld ventilasjonsanlegg på Bygdeheimen. Samla er kostnadane innafor samla budsjettamme for 2019.

Prosjekt 5504 Sjøppelbu Bjørnevatn. Dette gjeld gjenoppbygging av ny sjøppelbu ved Bjørnevatn etter brann. Erstatningsutbetaling frå forsikringsselskapet kjem i 2020 når oppføringa er fullført.

Prosjekt 6000 Kalkingsanlegg og kalkdoserer vert finansiert av midlar mottekne frå fylkesmannen.

Prosjekt 6508 Meirope bibliotek - Sæbyggjen har ein kostnad på kr 231 195 utan budsjettamme for 2019. Investeringa gjeld innstallasjon av løysinga for meirope bibliotek. Løysinga var planlagt i samband med oppføring av bygget, men let seg ikkje gjera å få på plass frå leverandør si side før i 2019.

Årsmelding 2019

**Totaloversikt drift - fordelt på rammeområder – rekneskapskjema 1 B**

	Regnskap 2019	Regulert budsjett	Opprinnelig budsjett	Regnskap 2018	Avvik - regn. og reg. bud. Beløp	Forbr. %
Rammeområde 10: Politisk styring						
Netto driftsramme	3 350 581	3 064 000	3 064 000	2 904 764	286 581,00	109,35 %
Rammeområde 20: Rådmann						
Netto driftsramme	1 642 264	2 054 000	2 084 000	2 086 638	-411 736,00	79,95 %
Rammeområde 22: Næring						
Netto driftsramme	3 449 616	3 473 000	3 493 000	2 664 288	-23 384,00	99,33 %
Rammeområde 23: Kultur (inkl 3150 og 5160-5166)						
Netto driftsramme	5 172 219	4 756 042	4 747 000	4 370 274	416 177,00	108,75 %
Rammeområde 31: Personal						
Netto driftsramme	1 463 763	1 583 600	1 844 000	2 038 255	-119 837,00	92,43 %
Rammeområde 32: IKT						
Netto driftsramme	2 169 355	2 861 000	2 861 000	2 481 860	-691 645,00	75,83 %
Rammeområde 33: Økonomiavdelinga						
Netto driftsramme	9 180 026	8 924 951	10 196 000	8 118 557	255 075,00	102,86 %
Rammeområde 36: Velkomst						
Netto driftsramme	3 204 805	3 165 533	3 197 000	3 075 332	39 272,00	101,24 %
Rammeområde 37: Interkommunalt PPT og Barnevern						
Netto driftsramme	2 471 287	2 716 924	2 779 000	2 277 445	-245 637,00	90,96 %
Rammeområde 38:						
Netto driftsramme	0	255 000	255 000	129 687	-255 000,00	0,00 %
Rammeområde 51: Oppvekst						
Netto driftsramme	31 112 207	31 625 720	32 517 000	32 264 490	-513 513,00	98,38 %
Rammeområde 54: Helse						
Netto driftsramme	12 128 630	11 598 000	11 242 000	10 597 045	530 630,00	104,58 %
Rammeområde 55: Sosila-nav						
Netto driftsramme	4 730 324	4 710 929	5 234 000	5 169 099	19 395,00	100,41 %
Rammeområde 56: Pleie og omsorg						
Netto driftsramme	36 004 859	33 241 949	31 267 000	35 207 376	2 762 910,00	108,31 %
Rammeområde 57: Teknisk						
Netto driftsramme	24 501 740	21 111 129	19 616 000	22 763 637	3 390 611,00	116,06 %
Rammeområde 58: Teknisk forvaltning						
Netto driftsramme	2 761 165	3 842 223	3 825 000	3 705 925	-1 081 058,00	71,86 %
Rammeområde 60: Div pensjon -premieavvik						
Netto driftsramme	-3 459 066	-3 200 000	-1 400 000	-5 114 189	-259 066,00	108,10 %
Rammeområde 65: Konesjonskraft						
Netto driftsramme	-8 789 000	-8 789 000	-8 789 000	-7 026 000	0,00	100,00 %
Rammeområde 70: Mva- komp						
Netto driftsramme	-5 184 308	-4 600 000	-4 600 000	-5 194 988	-584 308,00	112,70 %
Rammeområde 81: Skatt og frie inntekter						
Netto driftsramme	-210 778	-24 000	-24 000	92 172	-186 778,00	878,24 %
Rammeområde 35:SVR						
Netto driftsramme	0	0	0	101 337	0,00	
Rammeområde 30: Stabsleiar						
Netto driftsramme	2 220	0	0	0	2 220,00	
<b>SUM FORDELT</b>	<b>125 701 909</b>	<b>122 371 000</b>	<b>123 408 000</b>	<b>122 713 004</b>	<b>3 330 909,00</b>	<b>102,72 %</b>

Avvik mellom rekneskap og regulert budsjett for dei ulike rammeområda utgjer til saman 3,3 mill. kroner i meirforbruk.

Rammeområde 23 Kultur har eit meirforbruk på vel 0,4 mill. kroner som utgjer i underkant av 9 %. Mesteparten av avviket skuldast lønskostnader som ikkje er budsjettert, kostnader til arrangement og avtalt tilskot til museet som var underbudsjettert.

Rammeområde 56 Pleie og omsorg med 2,7 mill. kroner, sjølv om budsjetttramme vart auka med 2 mill. kroner i budsjettregulering sak 75/19. Grunngevinga for meirforbruket er meirkostnader knytt til løn grunna låg grunnbemanning og gjentakande behov for bruk av overtid på avdelingane.

Rammeområde 57 Teknisk drift, VAR, veg og reinhald og rammeområde 58 Teknisk forvaltning er i budsjettsamanheng eit rammeområde, her er meirforbruket på 2,3 mill. kroner samla som utgjer 13,5 %. På rammeområde 57 forklares avviket med 0,8 mill. kroner i mindreinntekt for utleige av kommunale bustadar. Dessutan er der kostnader utover budsjett til lovpålagde kontrollar med pålegg om utbetring/reperasjonar av tekniske anlegg. Vasslekkasjar i vassforsyninga og oppgradering av UV-anlegg i vassanlegget på Rysstad er hovudgrunnen til eit meirforbruk på VAR-sektoren med omlag 0,8 mill. kroner. Reinhald har eit mindreforbruk grunna utleige av ressurser til Setesdal Folkehøgskule og refusjon av sjukepengar. Forvaltning på rammeområde 57 har eit mindreforbruk på omlag 1 mill. kroner som skuldast meirinntekter frå gebyr på byggesak og oppmåling i kombinasjon med inntekter frå refusjon av sjukepengar.

Rammeområde 51 Oppvekst har eit mindreforbruk på 0,5 mill. kroner. Dette er samla for heile oppvekst med skuledrift og barnehage. Endring i skulestruktur i 2019 og kva det medførte var vanskeleg å forutsjå, det er noko av grunnen til avviket.

Rammeområde 32 IKT har eit mindreforbruk på omlag 0,7 mill. kroner. Deler av kostnadane til IKT ligg i rekneskapen på kvar einskild eining, dette gjeld del kostnader til utstyr mm.

Meir- og mindreforbruk på rammeområda er gitt nærare forklaring i omtale gitt frå dei ulike einingane i siste kapitel i dokumentet.

## Sykefravær

Fravær

	Korttid	Langtid	Samlet fravær
Årlig sykefravær 2019	0,49 %	6,87 %	7,36 %

2011	2012	2013	2014	2015	2016	2017	2018	2019
6	6,8	6	7,4	7,32	7,69	5,86	5,98	8,52

Samla sjukefravær, både eigenmeldt og sjukemeldt, i Valle kommune i perioden 2011-2019

I 2018 hadde Valle kommune det 5. lågaste sjukefraværet i landet samanlikna med kommune Noreg. I 2019 økte sjukefraværet i Valle kommune, men ligg stadig under landsgjennomsnittet som i 2019 var på

## Årsmelding 2019

9,83% i kommunal sektor. Haustem 2019 vedtok arbeidsmiljøutvalet eit måltall på 5% sjukefråvær i verksemda. Dette målet vart ikkje nådd. Hovedsakleg er dette langtidsjukemeldte.

Kommunen meiner økt fokus på nærvær, meir involvering av bedriftshelsetenesta/tillitsvalte/verneombod, og tiltak som møteplassen og Great place to work vil ha positiv effekt på fråværet.

Vi har som ei hovudprioritering innan arbeidsgivarområdet å redusere det totale sjukefråværet i organisasjonen. Å redusere sjukefråværet er ei viktig målsetting for kommunen. Økt nærvær bidrar til auka kvalitet i tenesteleveringa og eit betre arbeidsmiljø.

I 2017 formaliserte Valle kommune sjukefråværsoppfylginga ved å ta i bruk «møteplassen» som ein arena for oppfylging av sjukemeldte, og medarbeidarar som står i fare for sjukefravær. I 2019 har det vore gjennomført faste møter i møteplassen, kor fagansvarleg personal, NAV og Lund BHT har vore faste medlem.

## Kommunen sine tenesteområder

### Politisk styring

#### Skildring av verksemd

Rammeområde omfattar all politisk verksemd i kommunen, så som godtgjering og løn til politikarar, reiseutgifter i samband med møte osv.

Politisk sekretariat blir ivaretatt av leiar for velkomst som også ivaretar sekretærfunksjon for Kommunestyret, formannskap, utval for levekår og utval for plan og miljø.

I 2019 var det totalt 46 politiske møter i styre

Målsetting er å ha ein klar rollefordeling mellom folkevalde og administrasjon.

#### Utfordringar

Utfordringa er å yte god service og handsame politiske saker innafør tidsfristane, utan å må auke møtefrekvensen og med det få auka utgifter i høve møtegodtgjering og tapt arbeidsforteneste.

#### Driftsnivå Valle kommune - KOSTRA

Formål	Indikator	Valle	Gjennomsnitt for Kostragr. 6	Teoretisk handlingsrom i mill.
- 100 Politisk styring	Netto driftsutgifter per innbygger (100) politisk styring (B)	928	816	0,3
- 110 Kontroll og revisjon	Netto driftsutgifter per innbygger (110) kontroll og revisjon (B)	355	227	0,3

Tabellen ovanfor er eit uttrekk henta frå kategorien "Administrasjon, styring og fellesutgifter" i kostrasystemet. Tabellen syner at Valle kommune nyttar 300 000 kroner meir til 100-funksjonen "Politisk styring" enn kostragruppe 6. Ein nyttar og 300 000 kroner meir til 110-funksjonen "Kontroll og revisjon."



## Status økonomi

Beløp i 1000

Rammeområde/enhet	Regnskap 2019	Regnskap 2018	Rev. bud. 2019	Avvik i kr	Avvik i %
100-Politisk	3 350	2 905	3 064	286	9,3 %
<b>Sum</b>	<b>3 350</b>	<b>2 905</b>	<b>3 064</b>	<b>286</b>	<b>9,3 %</b>

Samla sett politisk er det eit overforbruk på kr 286 000,-. Hovudårsakene til dette er at det er underbudsjettert i høve møtegodgjerung til kommunestyret, utgifter til revisjon ved kontrollutvalet, samt at det ligg inne ei generell innsparing på 120 000,- som ein ikkje har klart å innfri.

Ordførar, varaordførar, leiar for plan og miljøutvalet samt leiar for levekårutvalet får alle løn i ein viss prosent. Alle har løn tilsvarande 90% av stortingspolitikarane si løn. Denne vert justert i mai kvart år. Pr. 1 mai 2019 var godtgjerunga for stortingsrepresentantane på kr. 987 997 pr. år.

## Oppsummering tiltak

Som eit innsparingstiltak forsøker vi å redusere tal på politiske møter både i hovudutval og dei andre råd/utval. Møtefri januar, april, juli og august.

## Sykefravær

Fravær	Korttid	Langtid	Samlet fravær
Årlig sykefravær 2019	0,00 %	0,00 %	0,00 %

## Rådmannen

### Skildring av verksemd

Området omfattar rådmannens oppgåver innan administrasjon av verksemda. Rådmannen er den øvste leiar for den samla kommunale administrasjon, med dei unntak som følgjer av lov, og innafor dei rammer kommunestyret fastsetter.

### Utfordringar

Små kommunar er under økande press som følgje av nedgang i befolkning, færre barn og fleire eldre, reduserte overføringar gjennom inntektssystemet, usikkerhet rundt framtidig inntektsgrunnlag (kraftinntekter og eigedomskatt), nye oppgåver og økt statleg detaljstyring, sterkare rettighets lovgiving og økte krav til kommunen. Fortset utviklinga vil Valle kommune ha utfordring med å fylle rolla som generalistkommune. Samtidig er det eit ønske om å oppretthalde og bevare dei kvalitetane kommunen har for lokalssamfunnet.

## Status økonomi

Beløp i 1000

Rammeområde/enhet	Regnskap 2019	Regnskap 2018	Rev. bud. 2019	Avvik i kr	Avvik i %
200-Rådmannen	1 642	2 087	2 054	-412	-20,0 %
<b>Sum</b>	<b>1 642</b>	<b>2 087</b>	<b>2 054</b>	<b>-412</b>	<b>-20,0 %</b>

I 2019 blei det rydda i hjemlar innafor området. Mindreforbruk er knytt til desse justeringa.

## Sykefravær

Fravær	Korttid	Langtid	Samlet fravær
Årlig sykefravær 2019	0,00 %	0,00 %	0,00 %

## Næring

### Skildring av verksemd

Leiar for samfunnsutvikling og teknisk eining har stilling i 100%. Denne stillinga ivaretok området næring i kommunen.

Valle kommune skal ha eit breitt og inkluderande næringsliv, der verksemdar innan kultur og handverk og naturbaserte verksemdar står sterkt. Kommune skal vere ein attraktiv «fritidskommune» for Sørvestlandet (Agder og Sør- Rogaland).

I 2019 blei arbeidet med tur løyper videreført. I Brokke har ein prioriterte etablering av løype tilrettelagt for rulleski, Valle kommune vart medlem av Midt Agder Frilufstråd. Positivt er Fylkeskommunen sitt arbeid med Byggvernssenter ved Setesdal museet kor kommunen har vore ein pådriver. Setesdal Folkehøgskule er relokalisert på Hylestad skule. For Rysstad sentrum er det igangsatt arbeid med reguleringsplan. og på slutten av 2019 kom utøving av folkemusikk og folkedans i Setesdal på UNESCO si representative liste over verdas immaterielle kulturarv. Dette er eit utval av dei viktige tiltak kommunen er involvert i og som bidrar til positivt til utvikling i Valle kommune.

### Utfordringar

Kommunen er sårbar der funksjonar blir ivaretatt av ein person. Innafor næring (også jordbruk) har kommunen i 2019 hatt langttids sjukemeldingar. Positivt er det at hausten 2019 starta ny rådgjevar innafor jordbruk. Frå hausten 2019 er næring (førstelene) overført til Velkomstsenteret saman med turisme.

## Status økonomi

Beløp i 1000

Rammeområde/enhet	Regnskap 2019	Regnskap 2018	Rev. bud. 2019	Avvik i kr	Avvik i %
220-Næring	3 449	2 614	3 473	-24	-0,7 %
<b>Sum</b>	<b>3 449</b>	<b>2 614</b>	<b>3 473</b>	<b>-24</b>	<b>-0,7 %</b>

Det blei utbetalt og løyvd meir til tiltak enn budsjettert på område 2201. Dette er justert ved mindreforbruk innafor næringstiltak og reiseliv (2200)

## Sykefravær

Fravær

	Korttid	Langtid	Samlet fravær
Årlig sykefravær 2019	0,00 %	68,97 %	68,97 %

Innfor området har det vore langttidssjukmelding. Sjukemledinga er ikkje relatert til arbeidforhold.

## Kultur, bibliotek

### Skildring av verksemd

Årsverk: Leiar Kultur og fritid 100 %, biblioteksjef 100 %, bibliotekassistent 15 %, kulturskule 110 %, ungdomsarbeidar 60 %, assistent ungdomsklubb 4 %, badevakt/kinovakt 15 %.

Totalt 7 tilsette.

Lovpålagde tenester: [Kulturskule](#) og [folkebibliotek](#).

Andre tenesteområde: [Ungdomsarbeid og fritidsklubb](#), kino, [fritidsbading](#), Den kulturelle spaserstokken, samarbeid med frivillige lag og organisasjonar, arrangement, [kulturmidlar og -tilskot](#), div. prosjekt, generell kulturdrift og sakshandsaming.

### Utfordringar

#### Utfordringar, bibliotek:

Stor auke i talet på brukarar, utlån, besøk og aktivitetar, samt nye arbeidsoppgåver, utfordrar oss på drift. Drifta er ofte prega av å rekke det ein må frå dag til dag. Det er utfordrande å få utarbeidd langsiktige planar og gode strategiar for drift og og kvalitetsutvikling, og ha kapasitet til å følgje opp desse innaføre eksisterande rammer.

#### Utfordringar, kulturskule:

Synkende elevtal i kulturskulen hovudsakleg som følgje av fråflytting, men truleg også pga. andre fritidsaktivitetar, ikkje minst databruk.

Dei fleste elevar/foreldre ønskjer undervising innaføre sfo-tid.

10 % stillingsressurs innaføre folkemusikk gjer at vi ikkje er rigga til UNESCO-satsing og eventuell auke i søkjartal til folkemusikk.

### **Generelt:**

Det er utfordrande å kome ned mot same nivå som kostragruppe 6. Faste tilskot og kulturmidlar utgjer heile 40 % av budsjettet til Kultur og fritid, ansvar 5160-5166. Det vil seie at det er svært lite disponible budsjettmidlar når løn og alle tilskot er trekt frå. Dersom ein ser heile eining 23 under eitt, altså Kultur og fritid 5160-5166 inkludert bibliotek 3150, svarer faste tilskot og kulturmidlar til omlag 30 % av totalbudsjettet.

Samanlikna med kostragruppe 6 ser følgjande ut til å vere hovudårsakene til at Valle ligg høgt i forbruk per innbyggjar:

- faste tilskot til museum og frivillige lag og organisasjonar
- bibliotek
- kommunale idretts- og kulturbygg

Vi ser også ut til å liggje relativt høgt når det gjeld aktivitetstilbod for barn og unge, men då denne tenesta mange stader ligg under sosial eller oppvekst blir snittet noko misvisande.

## **Utvalde resultat**

### **Bibliotek**

Det har vore ei formidabel auke i besøk og utlån:

13 391 personar gjekk inn dørene til biblioteket frå slutten av januar til slutten av desember 2019. Vi har fått mange nye lånarar, ikkje minst frå andre kommuner, og både hyttebuarar og studentar nyttar biblioteket. Også ungdomane våre nyttar biblioteket dagleg. Talet på utlån av faglitteratur for barn er tredobla sidan 2017, utlån skjønnlitteratur for barn dobla frå 2018 til 2019, og nesten tilsvarande gjaldt for utlån til vaksne. Meiropent/sjølvetjent bibliotek er på plass. I tillegg har det vore ei stor auke i tal på arrangement og aktivitetar, både i regi av biblioteket og samarbeidspartnarar/andre arrangørar. Biblioteket har fått ei ny rolle og nye oppgåver, og er blitt både

- uformell møteplass
- arrangementsarena
- servicekontor
- turistinformasjon.

Godt samarbeid med frivillige lag og organisasjonar.

### **Kulturskule**

Valle kulturskule tilbyr instrumentalundervising innaføre dei fleste instrument og sjantrar (rytmisk, klassisk og folkemusikk) til elevar i grunnskule, vgs og vaksne. Stor grad av fleksibilitet og omstillingsevne i personalet gjer at vi kan nytte ressursane til å gi eit tilbod til innbyggjarar i alle aldrar og livsfaser.

## Årsmelding 2019

Hausten 2019 søkte 22 % av barn i grunnskulealder i Valle plass i kulturskulen. I tillegg har kulturskulen gratistilboda Musikk i livets begynnelse/babysong, barnehagekor, fritidsbarnekor, allsongstund for vaksne i Sæbyggjen og musikkterapi på bygdeheimen. Tverrfagleg samarbeid med ungdomsarbeid om aktivitetar og arrangement.

### Generelt

Kultur og fritid jobbar for å vere synlege i ulike samanhengar i lokalmiljøet og i media, og vi er aktive og synlege i regionale nettverk. Godt samarbeid med frivillige lag og organisasjonar lokalt. God oppslutning om fritidsklubben sine aktivitetar.

Vi var stolte av å få vere vertskap for fylkets største kulturelle møteplass for ungdom, Aust-Agder UKM fylkesfestivalen, i 2019.

### Driftsnivå Valle kommune - KOSTRA

Formål	Indikator	Valle	Gjennomsnitt for Kostragr. 6	Teoretisk handlingsrom i mill.
<b>Kultur og idrett</b>	Netto driftsutgifter pr. innbygger til Kultur og idrett (B)	6 875	3 296	4,2
- 231 Aktivitetstilbud barn og unge	Netto driftsutgifter per innbygger (231) aktivitetstilbud barn og unge (B)	521	203	0,4
- 370 Bibliotek	Netto driftsutgifter per innbygger (370) bibliotek (B)	1 303	526	0,9
- 373 Kino	Netto driftsutgifter per innbygger (373) kino (B)	47	14	0,0
- 375 Muséer	Netto driftsutgifter per innbygger (375) muséer (B)	1 266	230	1,2
- 377 Kunstformidling	Netto driftsutgifter per innbygger (377) kunstformidling (B)	34	21	0,0
- 380 Idrett og tilskudd til andres idrettsanlegg	Netto driftsutgifter per innbygger (380) idrett og tilskudd til andres idrettsanlegg (B)	100	217	-0,1
- 381 Kommunale idrettsbygg og idrettsanlegg	Netto driftsutgifter per innbygger (381) kommunale idrettsbygg og idrettsanlegg (B)	928	584	0,4
- 383 Musikk- og kulturskoler	Netto driftsutgifter per innbygger (383) musikk- og kulturskoler (B)	510	614	-0,1
- 385 Andre kulturaktiviteter og tilskudd til andres kulturbygg	Netto driftsutgifter per innbygger (385) andre kulturaktiv. og tilsk. til andres kulturbygg (B)	760	660	0,1

## Årsmelding 2019

- 386 Kommunale kulturbygg	Netto driftsutgifter per innbygger (386) kommunale kulturbygg (B)	1 406	227	1,4
----------------------------	--	-------	-----	-----

Valle kommune har eit driftsnivå på "Kultur og idrett - som totalt er 4,2 millionar kroner meir enn gjennomsnittet for kostragruppe 6. Funksjonen 370 Bibliotek ligg 900 000 kroner over gjennomsnittet for kostragruppe 6, funksjonen Museer ligg 1,2 millionar over kostragruppa og funksjonen 381 Kommunale idrettsbygg og idrettsanlegg ligg 400 000 kroner over kostragruppe 6

### Status økonomi

Beløp i 1000

Rammeområde/enhet	Regnskap 2019	Regnskap 2018	Rev. bud. 2019	Avvik i kr	Avvik i %
230-Kultur, bibliotek	5 173	4 530	4 752	421	8,8 %
<b>Sum</b>	<b>5 173</b>	<b>4 530</b>	<b>4 752</b>	<b>421</b>	<b>8,8 %</b>

23 Kultur og fritid har eit tilsynelatande stort meirforbruk i 2019, men dersom ein ser nærare på budsjett 2019, vil ein sjå at ein del store postar i utgangspunktet er feil- eller underbudsjetterte. På følgjande postar er det ikkje lagt inn korrekt budsjett: Løn -175 000 (samanlikna med 2018-tal) og museum -121 000 (i høve avtalefesta tilskotssum). På budsjettpost faste tilskot er det -25 000 for å kunne dekke vedtekne tilskot. I tillegg kjem underbudsjettering av kino (-19 400). UKM fylkesfestivalen måtte i stor grad dekkast innaføre eigne rammer (-29 000), og utgifter til 17.mai og kulturprisen låg heller ikkje inne i budsjett (total utgift kr 28 000).

Bibliotek har eit meirforbruk på kr 30 000, som hovudsakleg skuldast nødvendige innkjøp knytt til meiropent bibliotek, samt noko til arrangementsutvikling.

### Sykefravær

Fravær	Korttid	Langtid	Samlet fravær
Årlig sykefravær 2019	0,06 %	2,37 %	2,43 %

To langtidssykefravær, der det eine skuldast skade på annan arbeidsplass.

### Personal

#### Skildring av verksemd

Verksemda personal består av eit årsverk - fagansvarleg personal. Personal har det overordna ansvaret for utlysningar, tilsetjingar, løn- og arbeidsvilkår i kommunen. Fagansvarleg personal er HMS koordinator i kommunen og har ansvar for overordna HMS handbok i verksemda.

## Status økonomi

Beløp i 1000

Rammeområde/enhet	Regnskap 2019	Regnskap 2018	Rev. bud. 2019	Avvik i kr	Avvik i %
310-Personal m.m	1 463	2 038	1 584	-121	-7,6 %
<b>Sum</b>	<b>1 463</b>	<b>2 038</b>	<b>1 584</b>	<b>-121</b>	<b>-7,6 %</b>

Personal har eit mindreforbruk på 7,6% (121) i forhold til budsjett. Avviket skuldast i hovudsak eit mindreforbruk knytt til velferdstiltak tilsette, utgifter til kurs og opplæring og tilskudd/overføring til private. Færre tilsette som deltar på jolebord, færre elevar som mottar kommunalt stipend, samt ubenyttede midlar til kurs og opplæring gir eit mindreforbruk.

## Sykefravær

Fravær

	Korttid	Langtid	Samlet fravær
Årlig sykefravær 2019	0,00 %	0,00 %	0,00 %

## IKT

### Skildring av verksemd

Setesdal IKT er eit interkommunalt samarbeid mellom kommunane Bykle, Valle, Bygland, Evje og Hornnes og Iveland etter paragraf 27 i kommunelova.

Samarbeidet skal dekkje dei deltagande kommunars behov, plikter og oppgåver innanfor IKT tenester, og skal gjennom målretta bruk av IKT fremje utvikling av tenesteproduksjon, publikumsservice og administrative tenester i deltakarkommunane.

Setesdal IKT har sitt hovudkontor i Bykle kommune og avdelingskontor i Evje og Hornnes kommune.

### Vidare drift

Styret meiner det er grunnlag for vidare drift i selskapet, og årsrekneskapen for 2019 er sett opp med denne føresetnaden.

### Arbeidsmiljø

Styret meiner arbeidsmiljøet i selskapet er godt. I 2019 var det ikkje skader eller ulykker på arbeidsplassen.

### Likestilling

Ved rekneskapsåret sin slutt hadde selskapet seks heiltidstilsette. Vi har ingen kvinner som heiltidstilsett. I tillegg til desse har vi to lærlingar.

Styret er sett saman av rådmenn frå de 5 ulike eigar kommunane.

Styret har ikkje funne det nødvendig å sette i gong spesielle tiltak med omsyn til likestilling.

### Ytre miljø

Selskapet arbeider aktivt med å avgrense utslepp og anna forureining, og held seg godt innanfor det som normalt må påreknast for slik verksemd.

### Utfordringar

Setesdal IKT, saman med sitt styre, må ha fullt fokus på effektiv drift framover for å halde kommunane sine IKT kostnader på eit konkurransedyktig nivå.

Setesdal IKT sin framtid har det blitt jobba med i 2019. Det har vore samtalar med IKT Agder og dette arbeid held fram i 2020. Styret i Setesdal IKT må i løpet av 2020 ta eit val på korleis selskapet skal drivast i åra som kjem

### Utvalde resultat

#### Tenesteutvikling /kundeprosjekter

- Gjennomføring av val 2019
- Innføring teams
- Revisjon av ROS Setesdal
- Deltaking i OFA innkjøp maskinvare og print
- Endring nye kommunenummer
- NorKart prosjekt
- Nye nettbrett politikere
- GDPR
- Digitalisering

I tillegg til punkta over har det blitt jobba mykje med sikkerhet, stabilitet og funksjonalitet i vårt nett.

I den ordinære drifta server vi ca. 2500 brukere fordelt over ulike system og i heile Setesdal.

### Status økonomi

Beløp i 1000

Rammeområde/enhet	Regnskap 2019	Regnskap 2018	Rev. bud. 2019	Avvik i kr	Avvik i %
320-IKT	2 169	2 482	2 861	-692	-24,2 %
<b>Sum</b>	<b>2 169</b>	<b>2 482</b>	<b>2 861</b>	<b>-692</b>	<b>-24,2 %</b>



## Rettvisande oversikt over utvikling og resultat

Etter styret si oppfatning gjev framlagt resultatregnskap og balanse med tilhøyrande noter eit rettvist bilde av verksemda sine egedelar og gjeld, finansielle stilling og resultat for 2019. Det har ikkje skjedd forhold etter regnskapsårets slutt, som har noko og seie for vurderinga av rekneskapet.

Verksemda har for 2019 hatt eit driftsresultat på 171 363,-

I følgje våre vedtekter så skal Setesdal IKT følgje forskrift om årsbudsjett, årsregnskap og årsberetning for interkommunale selskap og god kommunal regnskapsskikk.

### Økonomi

Setesdal IKT finansierer drifta med refusjonar frå kommunane som deltek. Det leggjast til grunn ein rekkje forskjellige fordelingsnøklar for fordeling av kostnadene. Selskapet har som mål å ha tilstrekkeleg med midlar til drift, og har eit behov for å byggje opp eigenkapitalen dei neste åra.

Likviditeten er sikra ved at kommunane ved behov tilfører tilstrekkeleg med midlar til å dekkje selskapets forpliktingar.

Selskapet ser behovet for å arbeide vidare med betre økonomi- og budsjettstyring og vil ha fokus på å fortløpande økonomioppfølging og å foreta nødvendige budsjettjusteringar.

Kommentarar til budsjettavvika:

Driftsrekneskapen:

- Refusjonsinntektene er kr 464 018, høgare enn budsjettera som for det meste har samanheng med høgare refusjon av meirverdiavgift, lærlingtilskot og refusjonar frå kommunane som deltek i selskapet enn budsjettera.
- Lønn inkl. sosiale utgifter er kr 63 488, lågare enn budsjettera.
- Kjøp av varer og tenester er kr 193 139 høgare enn budsjettera
- Overføringar er underbudsjettera med kr 189 676, og har samanheng med ikkje budsjettera refusjon av meirverdiavgift.
- Driftsresultat, ordinært driftsresultat og rekneskapsresultatet er betre enn budsjettera som følgje av høgare inntekter utan at kostnadene har økt i same omfang.

Kapitalrekneskapen:

- Investeringar i varige driftsmidlar er litt høgare enn budsjettera som følgje av ei feilbudsjettering av kostnad på kr 50 000 og tilsvarande i bruk av lån i forbindelse med den nye leasingavtala.

Selskapet er nøgd med resultatet for 2019, men har eit stort behov for å betre likviditeten og ser helst at årets resultat avsetjast til disposisjonsfond for å sikre likviditeten vidare framover.

## Sykefravær

Fravær	Korttid	Langtid	Samlet fravær
Årlig sykefravær 2019	0,00 %	0,00 %	0,00 %

## Økonomiavdelinga

### Skildring av verksemd

Økonomiavdelinga fører rekneskapen for Valle kommune og sel teneste med fakturamottak og føring av rekneskap for Valle og Hylestad Sokneråd, Setesdal Regionråd, Øyne Industribygg Valle KF og Setesdalsmusèet Eigedom IKS. Økonomiavdelinga har ansvar for budsjettarbeid, økonomioppfølging og saksutgreiing for alle politiske saker knytt til økonomiområdet i Valle kommune.

Økonomiavdelinga vart frå 1. august auka frå 4,8 til 5,8 stillingsheimlar. Konesjonskraft IKS kjøper 20 % stilling som controller frå Økonomiavdelinga i Valle kommune. 40 % stilling har gjennom året vore vakant.

Skatteoppkrevjarfunksjonen kjøpes av Evje og Hornnes kommune. Skatteoppkrevjarkontoret er felles for kommunane Evje og Hornnes, Bygland, Valle og Bykle. Arbeidsgjevarkontrollfunksjonen kjøpes av Arendal kommune.

Valle kommune er vertskommune for felles Barnevern for Bygland, Valle og Bykle og fører rekneskapen for dette samarbeidet. Likeeins er Valle kommune vertskommune for felles PPT og fører rekneskapen for også dette samarbeidet.

Økonomiavdelinga utfører også funksjonen løn for tilsette i Valle kommune, Valle og Hylestad Sokneråd og Setesdal Regionråd.

Ved auke av 1 stilling har økonomiavdelinga fått tilført nye oppgåver. Avdelinga har ansvar for å få etablert kvalitetssystem, system for rapportering- og verksemdstyring og analysearbeid. Ved slutten av 2019 har avdelinga fått ansvar for sakshandsaming av sal- og skjenkeløyver som kommunen gir og handsaming av søknader om startlån.

### Utfordringar

Økonomisystem og HR-system treng stadig fornying og oppgradering. Utvikling av nye bruksområder knytt til fakturamottak og fakturering må tas i bruk. Det krev ressurser og kompetanse for å få nye løysingar på plass og tatt i bruk.

### Utvalde resultat

Økonomiavdeling er sentral når det gjeld implementering av nye innovative tekniske løysingar. Valle kommune har i 2019 fått på plass Compolio som kvalitetssystem for heile organisasjonen og Framsikt som system for budsjett-, analyse, rapportering og verksemdstyring, begge desse systema har økonomiavdelinga ansvar for implementering og opplæring i organisasjonen. Hausten 2019 var alle

leiarar sterkt involverte i budsjettarbeidet, dette ga kunnskap om budsjett og økonomistyring i heile organisasjonen.

### Driftsnivå Valle kommune - KOSTRA

Formål	Indikator	Valle	Gjennomsnitt for Kostragr. 6	Teoretisk handlingsrom i mill.
<b>Kirke</b>	Netto driftsutgifter pr. innbygger til Kirke (B)	3 160	1 635	1,8
- 390 Den norske kirke	Netto driftsutgifter per innbygger (390) den norske kirke (B)	2 287	1 449	1,0
- 392 Andre religiøse formål	Netto driftsutgifter per innbygger (392) andre religiøse formål (B)	260	72	0,2
- 393 Gravplasser og krematorier	Netto driftsutgifter per innbygger (393) gravplasser og krematorier (B)	613	114	0,6

Kostrafunksjonen "Kirke" blir bokført på driftsbudsjettet til økonomiavdelinga. Ein ser her at ein totalt nyttar 1,8 millionar meir til dette formålet i Valle kommune enn i kostragruppe 6. Valle kommune har eit driftsnivå på funksjonen 390 Den norske kirke som er 1 million kroner høgare enn gjennomsnittet for kostragruppe 6.

### Status økonomi

Beløp i 1000

Rammeområde/enhet	Regnskap 2019	Regnskap 2018	Rev. bud. 2019	Avvik i kr	Avvik i %
330-Økonomiavdelinga	9 180	8 093	8 924	255	2,8 %
<b>Sum</b>	<b>9 180</b>	<b>8 093</b>	<b>8 924</b>	<b>255</b>	<b>2,8 %</b>

Økonomiavdelinga som rammeområde omhandlar også ansvar 3310 Div inntekter/utgifter for organisasjonen Valle kommune og ansvar 3350 Kyrkjer og andre trussamfunn.

Økonomiavdelinga er drift av fagområdet med tilhøyrande stillingsheimlar. 0,5 årsverk vakant stilling har ikkje budsjett. I 2019 har Valle kommune gått til innkjøp av kvalitetsystemet Compilo og Budsjett-og rapporteringssystemet Framsikt for å sikra kvalitet og effektivitet i avdelinga og i organisasjonen samla. Kostnadane til dette er ført på økonomiavdelinga. Valle kommune si tenesteyting gjennom kyrkjegardsarbeid er belasta ansvar 3350, men budsjettert på rammeområde Teknisk. I tillegg vart utbetalinga av tilskot til andre trussamfunn enn den norske kyrkja omlag kr 200 000 høgare enn budsjettert. Grunnen er fleire medlemmer og høgare tilskotspris pr. medlem enn budsjettert.

Samla kjem då rammeområde Økonomi ut med eit meirforbruk på kr 255 000.

## Sykefravær

Fravær	Korttid	Langtid	Samlet fravær
Årlig sykefravær 2019	0,46 %	0,35 %	0,81 %

Samla sjukefravær i økonomiavdelinga gjennom året ligg på 0,81 %. Tilsette på ansvar 3310 Div. inntekter/utgifter adm. er HTV for Fagforbundet og Utdanningsforbundet frikjøpt i 20 % stilling frå kvart av forbunda. Ansvar 3350 Kyrkjer og andre trussamfunn har ingen tilsette.

## Velkomstsenter

### Skildring av verksemd

Velkomstsenteret har følgjande stillingar:

- 100% leiar (politisk sekretariat, informasjon/kommunikasjon, bustadkontor, digitalisering m.m.)
- 100% Arkivleiar (arkiv og innsyn)
- 100% konsulent (utføring av tenester for Setesdal regionråd, sentralbord, Valle skule, heimesida, frikjøpt HTV 20% m.m)
- 80% konsulent (Næringsarbeid, ferdigattestar, infoland, fakturering, kyrkjegardsarbeid, sentralbord m.m.)
- 20% konsulent (Fråversregistrering, ansvarleg drift bedriftsleilegheit)

Velkomstsenteret har i løpet av hausten 2019 fått ansvaret for desse oppgåvene:

- Informasjon og kommunikasjon
- Digitalisering
- Næringsarbeidet

### Utfordringar

Utfordringa til Velkomst er og blir å få flest mogleg innbyggjarar, samt andre brukarar av våre tenester, til å nytte digitale verktøy for å motta dokument og informasjon frå kommunen.

### Status økonomi

Beløp i 1000

Rammeområde/enhet	Regnskap 2019	Regnskap 2018	Rev. bud. 2019	Avvik i kr	Avvik i %
360-Velkomstsenter	3 204	3 075	3 165	39	2,8 %
380- Frivilligsentral	0	129	255	-255	-100 %
<b>Sum</b>	<b>3 204</b>	<b>3 204</b>	<b>3 420</b>	<b>-217</b>	<b>-6,3 %</b>

Velkomstsenteret inkl. frivilligsentral har samla eit mindreforbruk på kr 217 000.

Frivilligsentralen er finansiert ved bruk av fond i tråd med budsjett.

Vi har framleis ikkje lukkast å få fleire til å nytte digital postkasse så vi brukar mykje på porto. Når det gjeld lisensar til programvare har det dukka opp uføresette ting som mellom anna endring av

kommunenummer som gjer at vi har blitt nøydde til å gjere oppgraderingar og justeringar i programvare. Nytt utstyr til radiosending i kommunestyresalen, ny publikums-PC til sæbyggjen og anna i høve turistinformasjonen har vore uføresett og også ført til auka utgifter.

## Sykefravær

Fravær	Korttid	Langtid	Samlet fravær
Årlig sykefravær 2019	0,84 %	5,50 %	6,35 %

Avdelinga har lite sjukefråver, og ingen sjukefråver er arbeidsrelatert.

## Interkommunalt PPT

### Skildring av verksemd

PPT Setesdal er eit interkommunalt samarbeid mellom kommunane Bykle, Valle og Bygland. Valle er vertskommune

PPT for Setesdal er sakkunnig instans i saker som gjeld spesialundervisning. PPT skal drive med saksutgreiing / sakshandsaming etter Opplæringslova §5 og Barnehagelova § 19, og tilrå bruk av spesialundervisning / spesialpedagogisk hjelp der det er naudsynt.

PPT er også pålagt å hjelpe skular og barnehagar med kompetanseutvikling og systemarbeid på det pedagogiske området. Dette kan vere oppgåver som rådgjeving, kurs, oppfølging av klasseleiing / systemretta tiltak i barnehagar og foreldrerettleiing. PPT arbeider også førebyggjande, for å hindre skeivutvikling og sikre tidleg hjelp / oppfølging.

PPT for Setesdal har hovudkontor i Valle, men også eit mindre avdelingskontor i Bygland kommune (Byglandsfjord)

### Stillingsheimlar

PPT har totalt 2,3 stillingsheimlar til disposisjon:

- Leiar /PP-Rådgivar: 100% fagstilling (30% til leiing av kontoret)
- PP-Rådgivar: 100% fagstilling som PP-Rådgivar
- Merkantil: 20% stilling: Scanning, arkivarbeid
- Reinhold: 7% stilling som fagarbeidar

### Talet på saker / brukarar PPT arbeider med kvart år:

Kommune	2016	2017	2018	2019
Bygland	31	34	33	26
Valle	41	38	37	34
Bykle	27	16	14	25
Sum	99	88	84	85

### Talet på nye tilviste brukarar til PPT (årleg):

Kommune	2016	2017	2018	2019
Bygland	11	11	12	1

## Årsmelding 2019

Valle	8	10	12	10
Bykle	7	2	3	9
Sum	26	23	27	20

### Utfordringar

- PPT for Setesdal er eit lite kontor, med få tilsette. Dette gjer at vi strever med å bli spesialistar på eit område, men må prøve etter beste evne å dekke dei fleste områda innanfor pedagogikken.
- Det er sårbart med 2 fagstillingar. Sjukdom / permisjonar / utskiftingar er noko som kan gjev utfordring i å levere gode tenester.
- Krav til dokumentasjon og skriftleggjering er aukande, og tek tid frå direkte kontakt med brukarane.

### Utvalde resultat

#### 1. God kvalitet i det sakkunnige arbeidet

Følgjande blir lagt vekt på:

- Vere tett på brukarar (skular / barnehagar/ føresette). PPT har faste dagar på skular / barnehagar i dei ulike kommunane, og det bør vere lett å ta kontakt med PPT.
- Rask sakshandsaming. PPT for Setesdal har ikkje ventelister, men det kan bli noko ventetid ved tilvising rett før sommaren, eller i samband med at det sakkunnige arbeidet for neste år er i gang. Målet er å gjere ferdig sakkunnig vurdering før 3 mnd. etter at saka er tatt inn i PPT. For 2019 er det 3 saker der det har tatt lengre tid.
- Fagleg gjennomgang og diskusjon av kvar einskild sak i samla kontormøte. Dette klarer vi ikkje alltid å gjennomføre for alle saker.
- Fagleg oppdatering for dei tilsette. For eit lite kontor som Setesdal PPT er det særleg viktig å få fagleg påfyll og inspirasjon gjennom kurs og samarbeid med andre PP-kontor. PPT for Setesdal er aktivt med i Agder samarbeidet.

#### 2. Andel med spesialundervisning for dei 3 kommunane skal ikkje liggje høgare enn landsgjennomsnittet over tid.

PPT for Setesdal har som måsetting at andel med spesialundervisning ikkje skal liggje høgare over tid enn landsgjennomsnittet. Dette er noko PPT må jobbe saman med skulane for å få til gjennom å gjere den ordinære undervisninga så god og tilpassa som råd er. Kostra-tala for 2019 er ikkje klare enno, men ligg for 2018 omlag på landsgjennomsnittet for dei 3 kommunane.

Kommune	Bygland	Valle	Bykle	Aust-Agder	Kostra-gr. 06	Landet u/Oslo
2011	10,9	13,0	15,6	10,8	12,4	8,6
2012	8,2	15,3	15,6	10,5	11,6	8,6
2013	7,3	9,0	8,5	9,0	10,7	8,4
2014	9,0	8,4	9,3	8,9	10,4	8,1

## Årsmelding 2019

2015	7,9	5,9	8,7	9,2	10,4	7,9
2016	5,7	5,3	10,1	9,1	10,3	7,8
2017	6,0	9,1	9,4	9,2	10,1	7,9
2018	8,1	8,3	8,2	9,1	10,1	7,9

### 3. PPT skal vere med å styrke det spesialpedagogiske feltet og gje rettleiing og kompetanseutvikling til skular og barnehagar.

- PPT ønskjer å drive spesialpedagogisk nettverk for kommunane. Vi har ikkje fått til dette i 2019 (grunna permisjon og vikar-situasjon)
- PPT har halde kurs for både skular / barnehagar og føresette i 2019. (døme her er språk, matematikkvanskar, vald i skulen, tourette syndrom, grensesetting for born)
- PPT har vore med å gjeve rettleiing på område som gjeld læringsmiljø / skulemiljø og klasseleiing. Dette er gjort gjennom observasjon i klasse / barnehageavdeling, og meir systemretta som deltakar i miljøteam på skulane.

### Status økonomi

Beløp i 1000

Rammeområde/enhet	Regnskap 2019	Regnskap 2018	Rev. bud. 2019	Avvik i kr	Avvik i %
370-PPT	799	798	779	20	2,5 %
<b>Sum</b>	<b>799</b>	<b>798</b>	<b>779</b>	<b>20</b>	<b>2,5 %</b>

PPT hadde for 2019 eit forbruk på omlag kr 2 195 000 av eit budsjett på 2.200.000, dvs 99,7%. Valle sin del ga eit meirforbruk på omlag 2,5 % av budsjett.

Det vart eit noko høgare forbruk av varer og tenester enn budsjettet, i hovudsak på grunn av overgang til elektronisk arkiv og lisensar til dette. Innsparing på løn i samband med ein fødselspermisjon gjorde at det vart eit lite overskot totalt sett.

### Sykefravær

Fravær

	Korttid	Langtid	Samlet fravær
Årlig sykefravær 2019	0,00 %	0,00 %	0,00 %

PPT hadde for 2019 eit svært lågt sjukefråver, omlag 1% (korttids), og ikkje langtidsfråver.

### Interkommunalt barnevern

#### Skildring av verksemd

Barnevernstenesta har 4.2 faste stillingar som kontaktperson/sakshandsamar, inkludert leiar. Bemanningssituasjonen har i 2019 vært utfordrande med sjukmelding kombinert med fleire og store tunge saker. For å oppretthalde ein forsvarleg barnevernsteneste blei verksemda styrka med ei 100% prosjektstilling hausten 2019. Andre tiltak, kjøp av ekstern og vikariatet.

Året har vore eit krevjande år fagleg, med stor og tung saksmengde, i tillegg til at det har vore ein haust prega av manglande personell. Det har vore utskiftingar i personalgruppa, kombinera med omorganisering og omstrukturering av tenesta. Store tunge saker saman med manglande personell har ført til at tenesta må leige inn ekstern bistand, noko som har gjort året i sin heilheit økonomisk tyngre.

I overgangen til 2020 har tenesta fått på plass eit stabilt kompetent team, med ønske om å utvikle barnevernstenesta i Setesdal.

## Utfordringar

Setesdal barnevern er ei lita eining med få tilsette. Spesielt i små kommunar kjem tenesta tett på lokalsamfunnet. Dette kan vere ein styrke, men og til tider krevjande. Dette er ein av grunnane til at Fylkesmannen anbefaler at ei barnevernsteneste skal vere på minimum fem årsverk. Dette er det ikkje grunnlag for i dei tre kommunane og ein lyt arbeide med andre løysingar.

I lys av rekneskapsåret 2019 vil nokre av utfordringane i 2020 vere å gje eit så godt fagleg tilbod som mogleg, utan at det er i strid med økonomiplan/budsjett.

Eininga må jobbe for å utnytte lokale ressursar på ein hensiktsmessig måte, og vil og ha stort fokus på å få inn tilbakemeldingar på tiltak og anna arbeid, for på den måten å kunne skape gode tiltak med gode, langsiktige løysingar

## Utvalde resultat

Når det gjeld måloppnåing med tanke på det faglege tilbodet, og korleis barnevernstenesta har satt i verk tiltak i 2019, har ein få indikatorar for å måle dette. Tenesta har arbeida med rutinar for å få dette på plass i 2020.

Det er utarbeidd Internkontrollrutinar for Setesdal barnevern. Informasjonsbrosjyre til foreldre/føresette og barn/unge som er i kontakt med barnevernstenesta og evalueringsskjema ved avslutta undersøking og etter avslutting av tiltak.

## Driftsnivå Valle kommune - KOSTRA

Formål	Indikator	Valle	Gjennomsnitt for Kostragr. 6	Teoretisk handlingsrom i mill.
<b>Barnevern</b>	Netto driftsutgifter pr. innbygger til Barnevern (B)	2 071	2 215	-0,1
- 244 Barnevernstjeneste	Netto driftsutgifter per innbygger (244) barnevernstjeneste (B)	1 537	1 208	0,3
- 251 Barnevernstiltak når barnet ikke er plassert av barnevernet	Netto driftsutgifter per innbygger (251) tiltak når barnet ikke er plassert av barnevernet (B)	363	400	0,0



## Årsmelding 2019

- 252 Barnevernstiltak når barnet er plassert av barnevernet	Netto driftsutgifter per innbygger (252) tiltak når barnet er plassert av barnevernet (B)	171	606	-0,4
--	---	-----	-----	------

Funksjonane som høyrer under Barnevern har samla sett eit nivå på drift som er 100 000 kroner under gjennomsnittet for kostragruppe 6.

### Status økonomi

Beløp i 1000

Rammeområde/enhet	Regnskap 2019	Regnskap 2018	Rev. bud. 2019	Avvik i kr	Avvik i %
371-Barnevern	1 672	1 515	1 938	-266	-13,7 %
<b>Sum</b>	<b>1 672</b>	<b>1 515</b>	<b>1 938</b>	<b>-266</b>	<b>-13,7 %</b>

Valle sin andel av drift av felles barnevern syner eit mindreforbruk på omlag 13,7 %.

2019 har vore eit år med auka økonomisk belastning for enkelte av kommunane, mykje grunna utvida bruk av ekstern konsulentbistand i form av advokat, sakkunnig psykologspesialist og andre konsulenttiltak

### Oppsummering tiltak

Fortsette arbeidet med å bygge opp ei føreseieleg, stabil og fagleg kompetent barnevernsteneste.

### Sykefravær

Fravær	Korttid	Langtid	Samlet fravær
Årlig sykefravær 2019	0,00 %	36,00 %	36,00 %

Samla sjukefravær i 2019 var på 36%. Dette er langtidssjukefravær.

Tiltak er sett inn i dialog med bedriftshelsetenesta, NAV og tillitsvalte.

### Valle skule

#### Skildring av verksemd

##### Grunnskulen

Våren 2019 gjekk det 90 elevar på Valle skule. Skulen var fådelt, der 1-2 kl, 3-4 kl og 5-6 klasse gjekk saman som ei klasse. August 2019 blei grunnskulane i Valle kommune slått saman og Valle skule hadde 130 elevar ved skulestart 19. august. Valle skule er no ein fulldelt skule med ein klasse på kvart trinn. Til kvar klasse er det ein kontaktlærer.

Rektor har det overordna fag-, informasjon-, personale og økonomiansvaret. Skulen har i tillegg 2 fagleiarar; 1-7 trinn, 8-10 trinn. Fagleiarane har fagansvar i tillegg til undervisning. Fagleiar stør rektor i skulen sitt pedagogiske utviklingsarbeid og er tett på undervisninga og elevmiljøet.

Det er pr.31.12.2019 tilsett 20,95 årsverk pedagogar i grunnskulen inkl. rektor.

Valle skule har i 2019 hatt 2 lærarar på vidareutdanning i spesialundervisning. I tillegg fekk skulen etter søknad tildelt midlar til utvikling av skulebiblioteket. Midlane er/skal nyttast til kompetanseheving på skulebiblioteket og lesing. Gjennom fokus på "leselede og leselyst", samarbeid om tidleg innsats og systematisk overgang mellom barnehage og skule utviklar vi felles kompetanse på språkutvikling og lesing som grunnleggjande ferdigheit. Valle skule har arbeidd med ein kommunal leseplan der målsetting er å ha planen klar til skulestart 2020.

Rektor har leia arbeidet i utviklingsgruppa med mål om plan «Systematisk overgang mellom barnehage og skule» med fokus på god språkutvikling og god leseopplæring. Målsetting med dette arbeidet er å fullføre ein kommunal plan for systematisk overgang barnehage og skule.

Hausten 2020 skal skulen arbeide etter nye læreplan- Fagfornyninga. Valle skule har gjennom samarbeid med UIA og Bykle kommune hatt fokus på det profesjonsfageleg fellesskapet, nye fagplanar, tverrfageleg tema og kjerneverdiane. I tillegg har skulen hatt eit kompetanseløft på digitale ferdigheiter for elevar og personale. Målet er å vere klare nok til skulestart 2020.

### **Skulefritidsordning/SFO**

Hausten 2019 starta det opp 36 born i den nye skulefritidsordninga på Valle skule. Borna tok i bruk ei heilt ny avdeling, med god plass til leik og aktivitetar og heilt nytt garderobeanlegg.

Skulefritidsordningar har ope kvar dag frå 07.00-16.00 men er stengt i elevane si skuletid. SFO tilbyr ulike aktivitetar gjennom året, men har fast «utesfo» kvar veke for dei eldste, samt symjeopplæring for dei yngste. SFO nyttar skulebiblioteket og stør skulen i satsinga på Leseglede og leselyst.

Det er pr. 31.12.19 tilsett 5 årsverk fagarbeidarar som har sin jobb i skulefritidsordninga og skule.

### **Vaksenopplæring**

Valle vaksenopplæring ligg administrativt under rektor Valle skule. Vaksenopplæringa held til i 3 etg. på Valle skule og hadde våren 2019 ei grunnskuleklasse, ei klasse med introduksjonsnorsk og samfunnsfag samt elevar med vedtak om spesialundervisning.

Grunnskule for vaksne blei avslutta juni 2019, medan introduksjonsnorsk og samfunnsfag held fram. Det er totalt 10 elevar på Valle vaksenopplæring som deltar i ulike opplæringstilbod.

Det er pr. 31.12.19 tilsett 2,35 årsverk pedagogar som har sitt arbeid i vaksenopplæringa. Rektoransvaret ligg til rektor grunnskule.

## **Utfordringar**

### **Grunnskule**

Skulen har vore gjennom ein samanslåingsprosess der elevar, foreldre og tilsette skal finne si rolle og sin plass. Å bygge ein ny organisasjon er krevjande og tar tid. Stabilitet i personalet er ein viktig faktor for kontinuet, koherens og godt pedagogisk utviklingsarbeid.

Ei utfordring er at det ikkje er tilgong på vikarar med naudsynt kompetanse. Fråvær i personalgruppa grunna kurs, møter, vidareutdanning og sjukdom må då løysast internt og over tid er det ei stor belastning.

Samfunnet og skulepolitikken endrar seg raskt og borna møter ein anna kvardag, heime og på skulen, enn for berre få år sidan. Ein ser at det er naudsynt å tenkje heilskapleg kring born og ungdom sitt oppvekstmiljø, og ein viktig faktor er tverrfagleg samarbeid.

Barna har store delar av si tid i skulen/i skulefritidsordning og det er viktig at tilsette ved skulen har kompetanse til å førebygge og tidleg intervenere ved sosiale og emosjonelle vanskar. Dette er ein krevjande arbeidsituasjon for lærarane og systematisk tverrfagleg samarbeid er av den grunn naudsynt. Det er aktuelt å sjå på andre fagpersonar inn i den daglege drifta på skulen for å sikre tidleg innsats og ein god start på fullføring av utdanning.

### **Skulefritidsordning/SFO**

Frå august 2019 ved samanslåing av skulane, blei skulefritidsordninga samla i Valle ved Valle skule. Gjeldande for skuleåret 2019/2020 er ei vedtak om skyss til og frå SFO kvar dag. Dette tilbodet er det få (1-4) familiar som nyttar og har ein stor kostnad pr mnd.

### **Vaksenopplæring**

Vaksenopplæringa har berre tilbod om introduksjonsnorsk og samfunnsfag for flyktningar samt spesialundervisning for elevar med vedtak.

### **Utvalde resultat**

#### **Fagfornyinga**

Valle skule starta på arbeidet med fagfornyinga for å vere førebudd til skulestart 2020. Tverrfaglege tema, kjerneelement i fag samt djupnelæring er nye om grep i den nye læreplanen. I tillegg er det ny overorda del med fokus på verdiar og prinsipp. Innføring av ei fagfornyng krev systematikk, tid og samarbeid i det profesjonsfaglege fellesskapet.

I den nye læreplanen er fokus at elevane gjennom djupnelæring gradvis skal utvikle kunnskap, omgrep og sjå sammanheng innafor eit fagområde samt på tvers av fag. Fokus er å utvikle kompetanse.

#### **Trygt og godt skulemiljø.**

Det er viktig å ha eit skulemiljø utan diskriminerande handlingar som mobbing, krenkjande ord og handlingar og mobbing. Valle skule har stort fokus på læringsmiljø og aktivitet. Elevane frå 5 tom 10 trinn gjennomfører elevundersøkinga kvart år.

#### **Resultat elevundersøkinga 7 trinn.**

Gjennom elevundersøkinga syner det seg at alle elevane på 7 trinn over tid opplever eit trygt og godt skulemiljø.

Nasjonale tal syner at det er 5,7 % som opplever å bli mobbet av andre elevar på skulen siste månadane.

## Årsmelding 2019

Delskår	2015-16	2016-17	2017-18	2018-19	2019-20
Er du blitt mobbet av andre elever på skolen de siste månedene? (prosent)	*	0,0	0,0	0,0	0,0
Er du blitt mobbet av voksne på skolen de siste månedene? (prosent)		*	0,0	0,0	0,0
Er du blitt mobbet digitalt (mobil, iPad, PC) de siste månedene? (prosent)		0,0	0,0	0,0	0,0

Valle kommune, Grunnskole, Elevundersøkelsen, Mobbing på skolen (prosent), Alle eierformer, Trinn 7, Begge kjønn

### Resultat elevundersøkinga 10.trinn over tid

Resultata for mobbing gjennom elevundersøkinga er under publiseringsgrensa, men ein antydar at det er elevar som opplever mobbing på det høgste elevtrinnet på Valle skule.

Nasjonalt er det 4,5 % som opplever å bli mobbet av andre elevar dei siste månadane.

Delskår	2015-16	2016-17	2017-18	2018-19	2019-20
Er du blitt mobbet av andre elever på skolen de siste månedene? (prosent)	0,0	*	*	0,0	*
Er du blitt mobbet av voksne på skolen de siste månedene? (prosent)		0,0	*	0,0	*
Er du blitt mobbet digitalt (mobil, iPad, PC) de siste månedene? (prosent)		14,3	*	0,0	*

Valle kommune, Grunnskole, Elevundersøkelsen, Mobbing på skolen (prosent), Alle eierformer, Trinn 10, Begge kjønn

### Nasjonale prøver i lesing 2019

Valle skule har arbeidd systematisk med utvikling av lesing og skriving som grunnleggjande ferdigheiter. Gjennom bruk av lokale og nasjonale kartleggingsmetoder har vi grunnlag for vidare arbeid.

Alle elevane på Valle skule skal ha gode grunnleggjande ferdigheiter i lesing og skriving og ein ser gjennom resultata av dei nasjonale prøvene at skulen vidare må ha fokus på lesing. Lesing er ein av dei viktigaste ferdigheitene ein må mestre for å gjennomføre vidaregåande opplæring og fullføre med ei utdanning.

	Skalapoeng	Avvik	
<b>Ønska målsetting for Valle skule</b>	<b>Valle skule 2019</b>		
Lesing 5	50	48	2 skalapoeng
Rekning 5	50	45	5 skalapoeng
Engelsk 5	50	48	2 skalapoeng

### Nasjonale prøve i lesing 8 og 9 trinn - samanlikna 2018-2019

Nasjonale prøver	Skalapoeng Valle skule 2018(8 trinn)	Skalapoeng Valle skule 2019(9 trinn)	Skalapoeng Aust Agder 2019	Mål	Kommentar

## Årsmelding 2019

Lesing 9	47	51	53	51 Målsetting- heve med
Rekning 9	49	51	53	53 4 skalapoeng frå 8-9 trinn.

### Driftsnivå Valle kommune - KOSTRA

Formål	Indikator	Valle	Gjennomsnitt for Kostragr. 6	Teoretisk handlingsrom i mill.
<b>Grunnskole</b>	Netto driftsutgifter pr. innbygger til Grunnskole (B)	19 104	17 859	1,8
- 202 Grunnskole	Netto driftsutgifter per innbygger (202) grunnskole (B)	13 122	13 402	-0,4
- 213 Voksenopplæring	Netto driftsutgifter per innbygger (213) voksenopplæring (B)	872	408	0,7
- 215 Skolefritidstilbud	Netto driftsutgifter per innbygger (215) skolefritidstilbud (B)	707	331	0,5
- 222 Skolelokaler	Netto driftsutgifter per innbygger (222) skolelokaler (B)	3 926	3 310	0,9
- 223 Skoleskyss	Netto driftsutgifter per innbygger (223) skoleskyss (B)	477	408	0,1

Valle kommune nyttar totalt 1,8 millionar meir til drift av grunnskule enn gjennomsnittet i kostragruppe 6. Funksjonen 222 Skolelokaler har eit driftsnivå som er 900 000 kroner høgare enn gjennomsnittet, funksjonen 213 Voksenopplæring ligg 700 000 over og funksjonen 215 Skolefritidstilbud har driftsnivå som er 500 000 kroner over gjennomsnittet i kostragruppe 6.

### Status økonomi

Beløp i 1000

Rammeområde/enhet	Regnskap 2019	Regnskap 2018	Rev. bud. 2019	Avvik i kr	Avvik i %
511-Valle skule	17 980	16 872	18 547	-547	-2,9 %
<b>Sum</b>	<b>17 980</b>	<b>16 872</b>	<b>18 547</b>	<b>-547</b>	<b>-2,9 %</b>

### Grunnskule

Valle skule har eit mindreforbruk grunna sjukemelding og mangel på vikarar. Skulen har valgt å omorganisere delar av skulen - grupper for å dekke inn undervisning med faglært kompetanse.

## Sykefravær

Fravær	Korttid	Langtid	Samlet fravær
Årlig sykefravær 2019	0,23 %	6,22 %	6,45 %

Valle skule følgjer opp tilsette gjennom årlege medarbeidersamtalar. Skulen ved rektor har tett oppfølging av sjukemeldingar og gjennomfører dialog med den sjukemeldte innan 2 veker. Ut over desse vekene blir den sjukemeldte fulgt opp gjennom dialog og oppfølgingsplan på NAV.

Skulen har fokus på restarbeidskraft og legg i stor grad tilrette for arbeidsoppgåver som den sjukemeldte kan gjennomføre på veg til 100 % tilbakeføring.

## Barnehage

### Skildring av verksemd

#### Barnehagane i Valle kommune

**Valle barnehage** hadde våren 2019 32 barn, 12 av dei er under 3år. Det var seks barn gjekk over i skulen og fem nye barn begynte i barnehagen i august.

**Hylestad barnehage** hadde 17 barn våren 2019, ni av dei under 3år. Det var tre barn som gjekk over i skulen og tre barn som bytta barnehage i august. Det kom to nye barn.

Bemanninga har vore etter bemanningsnorm 1:6 og 1:3. Valle barnehage har hatt ein ekstra ressurs, prosjekt 323 (styrka tilbod) på 100% frå januar til juli og den blei redusert til 40% frå august til desember. Denne ressursen blei auka i budsjett 2018 og 2019 pga Valle barnehage hadde 50% fleirspråklege barn. Denne ressursen er nå tilbake i det som var opprinneleg 40%.

Det er 40% stilling spesialpedagogiske tiltak etter enkeltvedtak i barnehagen

100% av søkjarar til barnehagen har fått plass. Foreldreundersøkinga blei gjennomført november 2019 og blir behandla vidare i SU våren 2020.

Barnehagane har i år hatt satsingsområde: Barnehagens språkmiljø- systematisk arbeid i barnehagen. Me er med i Nettverk Setesdal barnehage og har barnehagebasert komepetanseutvikling i lag med alle fire kommunane i Setesdal. Me har hatt tema som; barn som bekymrer, livsmeisting i barnehagen og språk.

## Utfordringar

Utfordringar i barnehagane har i år vore å få søkjarar til barnehagelærstillingar. Hylestad barnehage har hatt mellombels dispensasjon frå utdanningskravet i 20% heile barnehageåret. Valle barnehage har dispensasjon frå utdanningskravet våren 140% stilling og hausten-19 er det søkt om disp i 60% stilling.

Det har vore svært vanskelig å få tak i vikarar ved sjukdom. Dette er ein stor påkjenning for personalet som arbeider i barnehagen. Eit forslag for å forebygge stress og belastning er å ha ei utvida grunnbemanning i barnehagen. F.eks 50% ekstra i kvar barnehage. Personalet bytter ofte fridagar og arbeidsdagar for å gjer det beste for barnehagen. Dei som arbeider redusert stilling må ofte arbeide ekstra for å oppretthalde barnehagedrifta med lovleg bemanning.

## Utvalde resultat

Hylestad barnehage har i lag med foreldre satt opp eit flott gapahuk på uteområdet i barnehagen. Ein del leikeapperat blei måla i friske farger av foreldra. Midlene til dette blei tatt frå eit fond som barnehagen disponerer.

Valle barnehage og Valle skule har i barnehageåret 2019/2020 eit samarbeid om å lage ein god plan for overgang barnehage og skule. Der bruker me Språkløype som verkty og har jamne møter i lag. Barnehagen blei i denne forbindelse og invitert med denne gruppa til Spangreid skule, som har stort en stor satsing på lesing. Dette blei starten på eit felles prosjekt i skule og barnehage: Leseglede og Leselyst.

## Driftsnivå Valle kommune - KOSTRA

Formål	Indikator	Valle	Gjennomsnitt for Kostragr. 6	Teoretisk handlingsrom i mill.
<b>Barnehage</b>	Netto driftsutgifter pr. innbygger til Barnehage (B)	11 663	10 434	1,0
- 201 Barnehage	Netto driftsutgifter per innbygger (201) førskole (B)	8 985	8 889	0,1
- 211 Styrket tilbud til førskolebarn	Netto driftsutgifter per innbygger (211) styrket tilbud til førskolebarn (B)	905	283	0,5
- 221 Barnehagelokaler og skyss	Netto driftsutgifter per innbygger (221) førskolelokaler og skyss (B)	1 773	1 262	0,4

Totalt ligg driftskostnadene for barnehage 1 million over gjennomsnittet for kostragruppe 6. Det er spesielt to funksjonar som utmerkar seg med eit høgt driftsnivå. Det er funksjonen 211 Styrket tilbud til førskolebarn, som har eit driftsnivå som er 500 000 kroner over kostragruppe 6 og funksjonen 221 Barnehagelokaler og skyss med driftskostnader som er 400 000 kroner over kostragruppe 6.

## Status økonomi

Beløp i 1000

Rammeområde/enhet	Regnskap 2019	Regnskap 2018	Rev. bud. 2019	Avvik i kr	Avvik i %
512-Barnehage	7 777	7 818	7 374	403	5,4 %
<b>Sum</b>	<b>7 777</b>	<b>7 818</b>	<b>7 374</b>	<b>403</b>	<b>5,4 %</b>

Barnehagane har eit meirforbruk på 5,4 % i 2019.

Inntektene enn budsjettert, då fleire familiar søkar om redusert foreldrebetaling og gratis kjernetid. Dette er ein nasjonal ordning som kommunen må innvilge. I år er beløpet på manglande inntekt for barnehagane på redusert foreldrebetaling 2019 kr 101 740,- Søskenmoderasjon på 50% for begge barnehagane er på kr 82 086,-

Oppvaskmaskinen i Hylestad barnehage rauk i tordenværet og måtte fornyast omgåande Det var ein kostnad på 15 000,- som ikkje var i budsjettet.

## Sykefravær

Fravær	Korttid	Langtid	Samlet fravær
Årlig sykefravær 2019	1,05 %	6,26 %	7,30 %

Det var i ein periode frå januar til august tre personal som var langtidssjukemelding i ein av barnehagane. Desse hadde ikkje samband med kvarandre og kan ikkje knytte dette til det psykososiale miljøet. Jamleg oppfølging med samtalar og tilrettelegging blei iverksatt. Tredje og fjerde kvartal er sjukefraværet i begge barnehagane under 3,6

Ellers er personalet i barnehagane veldig utsatt for smitte og det vil vere høg bruk av eigenmeldingar i perioder med mykje sjukdom. Det gjev utslag i auka utgifter i perioder med mykje vikarbruk.

## Felles skule

### Skildring av verksemd

Året 2019 var eit spennande år innan oppvekst i Valle kommune. Ei av dei store hendingane var at to skular blei til ein skule frå august 2019. Alle elevane i kommunen er nå samla på Valle skule. Barna som går i skulefritidsordninga tok i bruk nyrenovert, innbydande og inspirerende lokale.

Fagleg er skulen i løpet av hausten godt i gang med å gjere seg kjent med Kunnskapsløftet 2020.

Det er to barnehagar i kommunen og Hylestad barnehage fekk ny nabo då Setesdal folkehøgskule flytta inn i dei gamle lokala til Hylestad skule. Barnehagane er inne i ein positiv utvikling der dei er i gong med eit lengre utviklingsarbeid i nettverk med dei andre barnehagane i Setesdal. Fokus er på Barnehagens språkmiljø- systematisk arbeid i barnehagen.

Barnehagane og skulen i kommunen har og eit felles prosjekt der målet er eit godt og systematisk arbeid med overgangen mellom barnehage og skule.

## Utfordringar

I skulen har det dette året vore ei utfordring å få dei to skulane til å fungere best mogleg saman for personale, føresette og ikkje minst for elevane. Det er lagt ned både velvilje og mykje arbeid frå alle partar for at samanslåinga har gått så bra som den har gjort.

Elevundersøkinga syner at elevane på mellomsteget har funnet seg godt til rette på skulen. Der er dei aller fleste resultatane betre enn nasjonalt gjennomsnitt. For dei eldste elevane ligg derimot resultatane under nasjonalt gjennomsnitt. Det kan mellom anna synast som det er utfordrande å halde opp motivasjonen ut heile skuleløpet.



## Årsmelding 2019

I barnehagane har det vore utfordrande å finne rett storleik på bemanninga. Det har stor samanheng med at eit stort tal på barn kjem til i løpet av barnehageåret. Sjølv om barnehagane starter med nok personale til å dekke både grunnbemanning og pedagognorm i august, har dei hatt behov for å søke etter nye medarbeidarar midt i året. Då er det ikkje så enkelt å få tak i personale med rett utdanning som det kan vere på våren/sumaren. Det er derfor viktig framover å søke etter og tilsette tilstrekkeleg personell til å møte auken som kjem i løpet av barnehageåret.

### Utvalde resultat

Nøkkeltall for barnehagane henta frå barnehagafakta.no. Tala er offentlege.

	Nasjonalt	Valle
Barn per tilsett	5,7	4,8
Leike- og opphaldsareal per barn	5,8 m2	14,2 m2
Foreldretilfredsheit	4,5 av 5,0	4,2 av 5,0

#### Elevundersøkinga 2019

Skalaen går frå 1,0 til 5,0 og 5,0 er beste moglege resultat. Resultata under er offentlege og er henta frå [www.skoleporten.no](http://www.skoleporten.no).

#### 7.trinn

	Nasjonalt	Valle
Læringskultur	4,0	4,3
Elevdemokrati og medverking	3,8	4,0
Faglig utfordring	4,0	3,9
Felles regler	4,4	4,5
Trivsel	4,3	4,4
Mestring	4,0	4,0
Støtte frå lærarane	4,4	4,5
Motivasjon	3,8	3,8
Vurdering for læring	3,9	4,0
Støtte heimanfrå	4,3	4,5

#### 10.trinn

	Nasjonalt	Valle
Læringskultur	3,8	3,6
Elevdemokrati og medverking	3,4	3,3
Faglig utfordring	4,3	3,7
Felles regler	4,0	3,9
Trivsel	4,1	3,5
Mestring	3,9	3,6
Utdanning og yrkesretteleing	3,8	3,5
Støtte frå lærarane	4,0	3,6

## Årsmelding 2019

Motivasjon	3,5	2,9
Vurdering for læring	3,3	3,1
Støtte heimanfrå	4,1	3,9

### Status økonomi

Beløp i 1000

Rammeområde/enhet	Regnskap 2019	Regnskap 2018	Rev. bud. 2019	Avvik i kr	Avvik i %
510-Felles skule	5 355	7 593	5 666	-311	-5,4 %
<b>Sum</b>	<b>5 404</b>	<b>7 593</b>	<b>5 666</b>	<b>262</b>	<b>4,6 %</b>

Tabellen syner budsjett og rekneskap for ansvar 5120 Hylestad skule for drift fram til 31.07.2019 og budsjett og rekneskap for ansvar 5100 Fellestenester Oppvekst for heile 2019. Fellestenester Oppvekst er stillinga som skulefagleg ansvarleg og barnehagemyndigheit i Valle kommune som er ein administrativ stilling.

### Sykefravær

Fravær

	Korttid	Langtid	Samlet fravær
Årlig sykefravær 2019	0,18 %	2,11 %	2,28 %

Sjokefråværet gjeld for begge einingane nemnde ovafor.

### Helseavdelinga

#### Skildring av verksemd

Helsetenesta har ansvaret for å gi alle personar som oppheld seg i kommunen eit nødvendig og fagleg forsvarleg helsetilbod. Tenesteeininga omfattar fastlege, legevakt, kommuneoverlege, fysioterapi, jordmor, helsestasjons- og skulehelseteneste, SLT og psykisk helse og rustenesta. Det var i 2019 i alt 22,5 stillingar i Helsetenesta i Bykle og Valle.

#### Generelt

Eininga skal yte tenester og tilbod med høg kvalitet, i samsvar med lov og forskrift og fagleg forsvarleg praksis til dei som til ein kvar tid bur eller oppheld seg i kommunane Bykle og Valle.

#### Samfunn og utvikling

Eininga har kompetanse og yter tenester og tilbod som er av stor viktighet for individet, samfunnet som heilskap og kommunen som samla tenesteyter. Det jobbast derfor kontinuerlig for å sikre kvalitet og tilgjengelegheit i tenestene for den einskilde brukar, for å styrke beredskapsfunksjonen i samfunnet og for å bidra med faglege vurderingar og tilrådingar i kommunale utviklingsprosessar.

Eininga er utviklingsdrevet og styrast etter både lokale og nasjonale krav og målsettingar. Samarbeidet og prosessane mellom kommunane og mellom kommunane og helseføretaket vert stadig meir omfattande og viktige. Eininga har prioritert ressursar til å delta i utviklingsprosessar kor framtidias

ansvars- og oppgåvefordeling mellom kommunen og helseføretaket vert definert. Dette for å løfte fram dei behova som er særigne for ein liten kommune, som er plassert geografisk langt vekk frå spesialisthelsetenesta sine tenester og tilbod.

### Tenestekvalitet for brukarane

Ei helseteneste av god kvalitet kjenneteiknast ved at tenestene som blir tilbodne er verknadsfulle, trygge og sikre, involverer brukarane og gir dei innverknad, er samordna og prega av kontinuitet, utnyttar ressursane på ein god måte og er tilgjengeleg og rettferdig fordelt. For å kunne utvikle kvaliteten i tenestene er det avgjerande med dialog med dei som brukar tenestene. Eininga søkjar derfor aktivt vurderingar og tilbakemeldingar frå brukarane som eit ledd i kvalitetsarbeidet. Samstundes er det mykje rom til forbetring. Forskrifta om leing og kvalitetsforbetring, som har erstatta internkontrollforskrifta innan helse i 2017, er pr i dag lite systematisert. Forskrifta stiller høge krav til både kompetansebygging, kontinuerleg kvalitetsforbetring og brukarmedverknad.

### Utfordringar

#### Kompetanse og personalutvikling

Eininga har høgt kompetente medarbeidarar, men har også eit stort behov for heile tida å utvikle og vedlikehalde kompetanse. Samhandlingsreforma stillar krav om utvikling av ny kompetanse og etablering av nye tenestetilbod. Dette stillar store krav til endring og utvikling i eininga og hos den einskilde fagperson. Det er eit prioritert satsingsområde for eininga å ivareteke nye krav til kompetanse og tenesteinnhald, både gjennom utvikling av tenestene lokalt og gjennom utvikling av tenestene i samarbeid med andre kommunar og helseføretaket.

### Utvalde resultat

#### Fastelegetenesta

Det har i 2019 vore fleire med langvarig sjukefråvær og permisjon i tenesta. Naudsynt vikarbruk i samband med dette har ført til ei utfordring med å oppretthalde kontinuiteten i pasientbehandlinga og omsider ført til eit meirforbruk på 193.000 kr.

#### Helsestasjonstenesta

Helsestasjonstenesta følgjer nasjonal fagleg retningsline for helsefremjande og førebyggjande arbeid i helsestasjon, skulehelseteneste og helsestasjon for ungdom. Prosjektet «Helse på hjul», eit prosjekt for å nå ut til brukarane via ein bubil, fekk ikkje vidare støtte ved utgangen av året på grunn av manglande økonomisk dekning.

#### Jordmortenesta

Det var totalt 10 fødsler i Bykle og 10 fødsler i Valle i 2019. Jordmortenesta har hatt mykje vaktberedskap og følgeteneste.

#### Psykisk helse og rustenesta

I 2019 har det vore 260% stilling knytt til direkte pasientarbeid, inkludert sjukefråvær og vikarar er rekna inn. Samla psykologressursar har vore 140%, 63% i Bykle og 77% i Valle. I tillegg er 100% stilling knytt til

## Årsmelding 2019

systemretta arbeid (50% SLT-koordinator, 30% koordinerande eining og tenestekoordinator, samt 20% førebyggjande og helsefremjande arbeid ved psykolog i kommunen). Tenesta har motteke psykologtilskot på 400.000 kr, som likevel vil falle bort frå 2020 av, då alle no skal ha tilsett ein kommunal psykolog.

Fylkesmannen i Agder har ført tilsyn på koordinerande eining i mai 2019 og konstaterte med fleire avvik. Eit tiltaksplan vart sendt til Fylkesmannen i utgangen av året, og tenestene jobbar kontinuerlig med dei organisatoriske endringane som må til for at koordinerande eining fungerer etter intensjonane. Dette har blant anna ført til at koordinerande eining blei overført frå psykisk helse til pleie og omsorg.

### Fysioterapitenesta

Fysioterapitenesta vart mykje brukt i heile 2019.

### Folkehelsearbeid

Prosjektet *Nye mønstre- trygg oppvekst* vart starta våren 2018 og er eit utviklingsprosjekt og eit satsingsområde i folkehelseprogrammet i Aust- og Vest-Agder fylkeskommune. Målet med prosjektet er å utlikne utfordringar som er knytt til sosial ulikheit. Ved utgangen av 2019 var det fire familiar frå Bykle som deltok i prosjektet og ei familie frå Valle. Prosjektet skal vidareførast også i 2020.

Folkehelseoversynet for Bykle kommune er sist oppdatert i 2016 og treng ei fornying snart. Folkehelsearbeidet i kommunen verkar å vera lite satt i system. En bør vera merksam på at folkehelse er berre 10% helse, og veldig mykje noko anna: skule, barnehage, teknisk etat, NAV og fleire andre har direkte påverknad på helsegradienten, som seier at folkehelsa følgjer ein gradient basert på yrke, status og inntekt.

### Driftsnivå Valle kommune - KOSTRA

Formål	Indikator	Valle	Gjennomsnitt for Kostragr. 6	Teoretisk handlingsrom i mill.
<b>Kommunehelse</b>	Netto driftsutgifter pr. innbygger til Kommunehelse (B)	5 729	3 502	4,6
- 232 Forebygging, helsestasjons- og skolehelsetjeneste	Netto driftsutgifter per innbygger (232) forebygg. helsestasjons- og skolehelsetjeneste (B)	1 099	441	1,4
- 233 Annet forebyggjande helsearbeid	Netto driftsutgifter per innbygger (233) annet forebyggjande helsearbeid (B)	413	137	0,6
- 241 Diagnose, behandling, re-/habilitering	Netto driftsutgifter per innbygger (241) diagnose behandling re-/habilitering (B)	4 218	2 923	2,7

Helse har driftsutgifter som er på totalt 4,6 millionar høgare enn gjennomsnittet for kostragruppe 6. Funksjonen 241 Diagnose, behandling, re-/habilitering har eit driftsnivå som er 2,7 millionar høgare enn

## Årsmelding 2019

gjennomsnittet fort kostragruppe 6. Funksjonen 232 Forebygging, helsestasjons- og skolehelsetjeneste har driftsnivå som er 1,4 millionar høgare enn kostragruppe 6.

### Status økonomi

Beløp i 1000

Rammeområde/enhet	Regnskap 2019	Regnskap 2018	Rev. bud. 2019	Avvik i kr	Avvik i %
540-Helseavdelinga	12 129	10 597	11 598	-531	-4,6 %
<b>Sum</b>	<b>12 129</b>	<b>10 597</b>	<b>11 598</b>	<b>-531</b>	<b>-4,6 %</b>

### Sykefravær

Fravær

	Korttid	Langtid	Samlet fravær
Årlig sykefravær 2019	0,00 %	0,00 %	0,00 %

## NAV

### Skildring av verksemd

Som organisasjon er NAV styrt av lovpålagte oppgåver v/lov om sosiale tenester, introduksjonslova og Nav-lova. I tillegg yter nev tenester på skjenke- og salsbevilling i alkohollova og Husbanken med startlån og bustønad med eige regelverk for sakshandsaming.

Nav Valle er organisert som eit partnerskap med kommune/stat. Det er stat som har leiaren på Nav Valle og er løna 100 % av stat. Nav-leiar har ansvar for personale og økonomi i eininga.

Vi har idag 100 % stilling på sosial fordelt med 50 % på økonomisk sosialhjelp, økonomisk råd- og rettleiing, kvalifiseringsprogrammet og 50 % på folkehelseprosjekt "Nye mønstre - trygg oppvekst" som er lagt til NAV.

Vi har også i 100 % fordelt på rådgjevar flykjtning og kommunale oppgåver som låne- og tilskotsordningane gjennom Husbanken og sal- og skjenkeløyver.

### Utfordringar

Frå 1. januar 2020 går NAV Valle inn i vertkommunesamarbeid i NAV Midt Agder med vertkommune Vennesla. Alle oppgåver, med unntak av flykntingtenesta, sals- og skjenkeløyvehandsaming, søknader gjennom Husbanken sine ordningar for startlån og tilskot og prosjekt "Nye mønstre - trygg oppvekst" er med over i vertskommunesamarbeidet.

Tilfanget av saker til "Nye mønstre - trygg oppvekst" har over lengre tid vore for låg, noko som kan tyda på at NAV Valle må trekkja seg ut av prosjektet.

### Utvalde resultat

Sjølv med eit betydeleg sjukefravær har NAV Valle klart å gi dei lovpålagte tenestane ved hjelp innleige av vikar i sjukdomsperioden.

## Årsmelding 2019

Talet på flyktningar har gjennom 2019 blitt redusert då fleire er ferdige med introduksjonsprogrammet og er flytt til andre stader for for å ta til med vidaregåande utdanning eller arbeid.

NAV Valle har hatt ein liten auke i antal personar som har mottatt sosialhjelp i påvente av uførepensjon eller arbeidsavklaringspenger.

### Driftsnivå Valle kommune - KOSTRA

Formål	Indikator	Valle	Gjennomsnitt for Kostragr. 6	Teoretisk handlingsrom i mill.
<b>Sosiale tenester</b>	Netto driftsutgifter pr. innbygger til Sosiale tenester (B)	3 057	3 072	0,0
- 242 Råd, veiledning og sosialt forebyggende arbeid	Netto driftsutgifter per innbygger (242) råd veiledning og sosialt forebyggende arbeid (B)	1 683	1 403	0,3
- 243 Tilbud til personar med rusproblemer	Netto driftsutgifter per innbygger (243) tilbud til personar med rusproblemer (B)	61	61	0,0
- 273 Arbeidsrettede tiltak i kommunal regi	Netto driftsutgifter per innbygger (273) arbeidsrettede tiltak i kommunal regi (B)	274	375	-0,1
- 276 Kvalifiseringsordningen	Netto driftsutgifter per innbygger (276) kvalifiseringsordningen (B)	189	85	0,1
- 281 Økonomisk sosialhjelp	Netto driftsutgifter per innbygger (281) økonomisk sosialhjelp (B)	850	1 148	-0,4

Funksjonane som høyrer inn under sosiale tenester ligg samla sett på nivå med gjennomsnittet i kostragruppe 6.

### Status økonomi

Beløp i 1000

Rammeområde/enhet	Regnskap 2019	Regnskap 2018	Rev. bud. 2019	Avvik i kr	Avvik i %
550-NAV	4 730	5 169	4 711	19	0,4 %
<b>Sum</b>	<b>4 730</b>	<b>5 169</b>	<b>4 711</b>	<b>19</b>	<b>0,4 %</b>

Samla har NAV Valle eit meirforbruk på omlag 0,4 % som utgjer kr 19 000. Dei største utgiftspostane er økonomisk sosialhjelp og introduksjonsstønad. Der har vore eit auke i økonomisk sosialhjelp, men mindreforbruk på andre utgiftspostar, slik at drifta har vore innafor budsjett.

### Sykefravær

Fravær	Korttid	Langtid	Samlet fravær
Årlig sykefravær 2019	0,00 %	25,87 %	25,87 %

Der har vore tett oppfølging av sjukemeldt medarbeidar frå arbeidsgjevar i samanbeid med bedriftshelsetenesta og lege med god progresjon.

## Pleie og omsorg

### Skildring av verksemd

#### Pasientgrunnlag

I heimesjukepleien er det +/- 50 brukarar jamnt over heile året. Varierer i tyngde, men trenden er framleis at ein ikkje har mange med særleg omsorgskrevande oppgåver i eigen heim. Ved Valle Bygdeheim har det vært ein auke mot slutten av året på langtids plassar. Det låg første del av året på 14/15 til det i august gjekk opp til 17 og i desember hadde auka til 19 som hadde langtidsvedtak på institusjonen. Det har vore 17 avlastningsopphald i varierende lengde, men sjeldan under 1 veke. 28 korttidsplassar fordelt på 25 brukarar og det er lagt inn på KØH 23 ganger på somatisk og 1 gong på psykisk helse/rus. 29 mottek heimehjelp og 24 mottek middag frå Valle Bygdeheim sitt kjøkken. Habiliteringseininga fekk auka behov frå desember 2019.

#### Bemanning

Ved gjennomgang i Pleie og omsorg er det 30 % av sjukepleiarar som er over 50 år. I hjelpepleiegruppa er det ca 50 % som er over 50 år. Dermed vil ein vente eit stort fråfall og ein må finne ein strategi for å rekruttere og behalde.

Ein ser at det er sårbart når ein går på ei minimumsbemanning i grunnturnus. Det vert fort mykje vikarbruk, overtid og høge kostnader. Dette ser ein i alle einingane.

Ein vil framover sjå på ein god grunnbemanning i samanheng med å få ned ufrivillig deltid. Slik vil ein kunne få ein betre kontinuitet i einingane og høgare kvalitet.

I 2019 er det på Bygdeheimen 20 årsverk, Open omsorg 17,6, Habilitering 9 årsverk, Kjøkken 2.53, Dagsenter 1,2, vaskeri 0,6, Administrasjon 1,8

#### Kompetanse

Det vil vere fokus på kompetanseheving innanfor demensomsorg, lindrande omsorg, rehabilitering/habilitering, tverrfagleg samarbeid og innføring av velferdsteknologi

#### Kjøkken

Hausten 2019 vart middag flytt frå halv ett til halv fire. Ein fekk då inn 4 måltid til dagen. Bemanning på kjøkken måtte aukast noko på bakgrunn av dette.

## Utfordringar

## Årsmelding 2019

Stor del av budsjett til ressurskrevjande brukarar (1 til 1 bemanning). Dette er sårbart i ein liten kommune.

Reduksjon i grunnbemanning gjør organisasjonen sårbar ved sjukefråvær. Det må jobbast med god grunnbemanning i samanheng med heiltid. Det må også jobbest systematisk med sjukefråveret.

Det er ei forventa auke i pågang på tenester slik at ein er avhengig av å bygge ei robust teneste der ein brukar dei hjelpemiddel ein har slik som velferdsteknologi. Ein ser at det er bra med gode omsorgsbustader, slik som «tøffel-bustadene». Dette gir ein effektiv teneste.

Det er viktig og fortsette jobben med gode overgangar mellom dei ulike tenestenivå innan eigen kommune og med spesialisthelseteneste og samarbeid i tverrfaglege grupper.

### Driftsnivå Valle kommune - KOSTRA

Formål	Indikator	Valle	Gjennomsnitt for Kostragr. 6	Teoretisk handlingsrom i mill.
<b>Pleie og omsorg</b>	Netto driftsutgifter pr. innbygger til Pleie og omsorg (B)	22 991	21 291	2,7
- 234 Aktiviserings- og servicetjenester overfor eldre og personer med funksjonsnedsettelse	Netto driftsutgifter per innbygger (234) aktiv.- og servicetjen eldre og pers. m/funk.nedsett. (B)	450	548	-0,2
- 253 Helse- og omsorgstjenester i institusjon	Netto driftsutgifter per innbygger (253) helse- og omsorgstjenester i institusjon (B)	12 872	10 135	4,3
- 254 Helse- og omsorgstjenester til hjemmeboende	Netto driftsutgifter per innbygger (254) helse- og omsorgstj. til hjemmeboende (B)	7 872	8 878	-1,6
- 255 Medfinansiering somatiske tjenester	Netto driftsutgifter per innbygger (255) medfinansiering somatiske tjenester (B)	0	0	0,0
- 256 Tilbud om øyeblikkelig hjelp døgnopphold i kommunene	Netto driftsutgifter per innbygger (256) tilbud om ø. hjelp døgnopphold i kommunene (B)	0	152	-0,2
- 261 Institusjonslokaler	Netto driftsutgifter per innbygger (261) institusjonslokaler (B)	1 797	1 577	0,3

Funksjonane som høyrer inn under Pleie og omsorg har totalt eit nivå på drift som er 2,7 millionar høgare enn gjennomsnittet for kostragruppe 6. Det er spesielt funksjonen 253 Helse- og omsorgstjenester i institusjon som har høgt driftsnivå med 4,3 millionar over gjennomsnittet for kostragruppe 6. Funksjonen 261 Institusjonslokaler ligg og over gjennomsnittet med 300 000 kroner. Ein kan og registrere at funksjonen 254 Helse- og omsorgstjenester til hjemmeboende har eit driftsnivå som er 1,6 millionar lågare enn gjennomsnittet.



## Status økonomi

Beløp i 1000

Rammeområde/enhet	Regnskap 2019	Regnskap 2018	Rev. bud. 2019	Avvik i kr	Avvik i %
560-Pleie og omsorg	36 004	35 192	33 242	2 762	8,3 %
<b>Sum</b>	<b>36 004</b>	<b>35 192</b>	<b>33 242</b>	<b>2 762</b>	<b>8,3 %</b>

Overforbruk grunna låg bemanning som igjen fører til mykje bruk av overtid som ikkje er budsjettert.

## Sykefravær

Fravær

	Korttid	Langtid	Samlet fravær
Årlig sykefravær 2019	0,69 %	5,39 %	6,08 %

Pleie og omsorg har i 2019 eit totalt sjukefråver på 6.08%.

Ein har tatt i bruk møteplassen som arena for sjukemeldingsoppfølging. Eininga vil fortsette å jobbe med gode rutinar for sjukemeldingsoppfølging og førebygging i organisasjonen.

## Teknisk

Omtale og oversikt oversikt er delt opp i høve til ansvarsområde for fagansvarleg for rammeområde Teknisk.

## Teknisk sjef

### Skildring av verksemd

Samfunnsutvikling og teknisk eining har ansvar for samfunnsutvikling, næring, forvaltning og drift.

### Teknisk leiar

Område teknisk leiar er på 1 årsverk fordelt på fagområda samfunnsutvikling, næring og leing av eininga. Leiar har vore sjukemeldt store delar av 2019.

## Utfordringar

- Rekruttere nødvendig kompetanse innanfor dei ulike fagfelt.
- Manglar planfagleg kompetanse, kommunen leiger inn konsulenttenester til dette arbeidet.
- Det er etterslep på vedlikehald av kommunale bygningar og anlegg.

## Utvalde resultat

## Offentleg vatn- og avlaup

Alle månadlege vassprøver er innaføre krava til drikkevassforskrifta. Alle avlaupsprøver som vert teke annakvar månad er innaføre reinsekrava.

## Status økonomi

Beløp i 1000

Rammeområde/enhet	Regnskap 2019	Regnskap 2018	Rev. bud. 2019	Avvik i kr	Avvik i %
570-Teknisk sjef	3 495	3 558	2 855	640	22,4 %
<b>Sum</b>	<b>3 495</b>	<b>3 558</b>	<b>2 855</b>	<b>640</b>	<b>22,4 %</b>

## Sykefravær

Fravær

	Korttid	Langtid	Samlet fravær
Årlig sykefravær 2019	0,00 %	7,76 %	7,76 %

## Teknisk drift

### Skildring av verksemd

#### Teknisk drift

Teknisk drift er fordelt på ulike ansvarsområder som kommunale bygg, bustader, grøntareal, kyrkjegard, Setesdal vgs (40% stilling).

Dette er fordelt på 7 ansatte i 6,75% stilling  
I tillegg til driftsleiar i 100% stilling.

### Utfordringar

Ein stor del av driftsbudsjettet er bunde opp mot faste utgifter som straum, kommunale avgifter, serviceavtaler m.m

I tillegg til akutte oppgåver som må utførast for å sikre primæroppgåva til bygg og anlegg.

Dette medfører at det blir eit stadig større etterslep på kommunens bygg og anlegg, då det ikkje er økonomi og tid til å gjennomføre ein del av det vedlikehaldet som skulle vært gjort.

Ein må difor til ei kvar tid sjå på moglegheit for å redusere desse kostnadane i form av ulike tiltak.

\* Drift - Sjå på moglegheit for å effektivisere drift i form av ny teknologi.

\* Energi - Oppgradering av eldre anlegg og bygg til dagens nivå når det gjeld: varme, ventilasjon, smartteknologi, LED m.m.

\* Bygningsmasse - Vurdere behov og sjå på moglegheit for arealeffektivisering av ulike bygg.

### Utvalde resultat

### Gjennomførte driftstiltak i 2019

- Måling av Valle bygdeheim
- Nye takrenner mot aust på Valle bygdeheim.
- Måling av Valle skule mot vest og sør.
- Oppgradering av uteområdet rundt Hylestad soknehus.
- Nye dreneringsrenner utanfor kommunehuset.

Bygningsmassen til kommunen vart redusera med 1500 m<sup>2</sup> med bakgrunn i at Hylestad skule vart overteke av Setesdal folkehøgskule (SFH).

Det vart også solgt 2 eldre kommunale bustader i Leite bustadfelt.

I 2019 har teknisk drift hatt 0% sjukefråver.

### Status økonomi

*Beløp i 1000*

Rammeområde/enhet	Regnskap 2019	Regnskap 2018	Rev. bud. 2019	Avvik i kr	Avvik i %
571-Teknisk drift	8 697	9 060	7 243	-1 454	-20,0 %
<b>Sum</b>	<b>8 600</b>	<b>9 060</b>	<b>7 243</b>	<b>-1 454</b>	<b>-20,0 %</b>

Økonomistatus for 571 Teknisk drift i 2019 viser -1 454 000.

Ein del av dette overforbruket viser 800 000 mindre husleigeinntekter for Internat (Setesdal folkehøgskule), kommunale bustadar og kommunehus enn budsjettert for 2019

På Valle kultursenter er det ei feilbudsjettering på 200 000 som slår uheldig ut.

Resterande overforbruk er på faste utgifter som straum, kommunale avgifter, serviceavtaler, lovpålagte kontroller av diverse anlegg/utstyr og uforutsette utgifter til reparasjoner av tekniske anlegg.

### Oppsummering tiltak

For å få ein betre oversikt over kostnad og tilstand til kommunale bygg vil det i 2020 bli sett i gang arbeid med å utarbeide eit FDV program.

### Sykefravær

<i>Fravær</i>	Korttid	Langtid	Samlet fravær
Årlig sykefravær 2019	0,00 %	0,00 %	0,00 %

### Teknisk forvaltning

#### Skildring av verksemd

Forvaltning har 6 tilsette fordelt på 5.8 % stillingar med ansvarsområder innan plan, landbruk og utmarksforvaltning, byggjesak, oppmåling, GIS og veterinær.

I mangel av leiar samfunnsutvikling og teknisk avdeling er det konstituert fagleiar for forvaltning, det er ikkje tilført ressursar på avdelinga.

Det er felles skogbruksjef for Bygland, Valle og Bykle kommune med kontorstad i Bygland. Dette utgjer 20% stilling.

## Utfordringar

Forvaltning manglar planfagleg kompetanse og leiger inn tenestene eksternt.

Det er viktig å bygge opp kompetanse innanfor revisjon av vilkårskonsesjonar i vassdrag. Otra- og Finndølavassdraget. Dette arbeidet er ein prosess som går over lengre tid og bør prioriterast. Tiltaket er i gang.

## Utvalde resultat

Sakshandsamingstid for bygge- og delesaker er stort sett innanfor tidsfrist. Det vart handsama 31 saker i plan og miljøutvalet og 183 saker vart handsama administrativt. Totalt 215 saker.

D1-2 For byggesøknader i samsvar med plan og byggesaksbestemmelser i plan- og bygningsloven				
	a Rammesøknader	b 12 uker	c 3 uker	d Søkn. uten ansvar
2a. Gjennomsnittlig saksbehandlingstid (kalenderdager)	14	10	9	19
2b. Overskridelse av lovpålagt saksbehandlingstid (antall)	0	0	2	0

D1-4 For byggesøknader som krever dispensasjon fra planbestemmelsene			
	a Rammesøknader	b 12 uker	d Søkn. uten ansvar
4a. Gjennomsnittlig saksbehandlingstid (kalenderdager)	34	32	33
4b. Overskridelse av lovpålagt saksbehandlingstid (antall)	1	1	0

D1-5 For byggesøknader som krever dispensasjon fra byggesaksbestemmelsene i plan- og bygningsloven og i forskrift			
	a Rammesøknader	b 12 uker	d Søkn. uten ansvar
5a. Gjennomsnittlig saksbehandlingstid (kalenderdager)	0	31	24
5b. Overskridelse av lovpålagt saksbehandlingstid (antall)	0	0	0

D2-2 For delingsøknader i samsvar med plan- og byggesaksbestemmelser i plan- og bygningsloven			
	h) seksjonering	j) 12 uker	k) 3 uker
2a. Gjennomsnittlig saksbehandlingstid (kalenderdager)	9	0	10
2b. Overskridelse av lovpålagt saksbehandlingstid (antall)		0	1

D2-4 For delingsøknader som krever dispensasjon fra planbestemmelsene		
	j) 12 uker	k) 3 uker
4a. Gjennomsnittlig saksbehandlingstid (kalenderdager)	67	0
4b. Overskridelse av lovpålagt saksbehandlingstid (antall)	2	0

Det vart vedteke 3 reguleringsplanar og 7 reguleringsplanar under handsaming.

Det er 44,82% som har fått offisiell vegadresse i Valle kommune og 55,18% står med matrikeladresse. Det som står att er områderegrering i fjellområda.

I 2019 vart det rekvirert 48 oppmålingsforretningar og alle handsama innanfor fristen.

## Status økonomi

Beløp i 1000

Rammeområde/enhet	Regnskap 2019	Regnskap 2018	Rev. bud. 2019	Avvik i kr	Avvik i %
572-Teknisk forvaltning	2 761	3 631	3 842	-1 081	-28,1 %
<b>Sum</b>	<b>2 761</b>	<b>3 631</b>	<b>3 842</b>	<b>- 1081</b>	<b>-28,1 %</b>

### Byggjesak

Lønnsutgifter til rådgjevar byggjesak vart trekt frå konto 5700, dette vert endra i 2020.

### Plan

Kommunen leiger inn konsulenter til å handsame planar som medfører store kostnader.

### Landbruk

Det vart leigd inn teneste innanfor landbruk fram til september, dette er løyst.

## Oppsummering tiltak

Det må vurderer korleis ein skal handtere mangel på kompetanse innanfor planarbeid i 2020, slik at vi kan få på plass ei betre løysing frå 2021.

Det vart tilsett ny rådgjevar landbruk med oppstart i september.

## Sykefravær

Fravær

	Korttid	Langtid	Samlet fravær
Årlig sykefravær 2019	0,57 %	11,01 %	11,58 %

Forvaltning har i 2019 hatt 2 langtidssykemeldingar, dette er ikkje arbeidsrelatiert.

## VAR

### Skildring av verksemd

Innafor område VAR og veg er det ein fagansvarleg og ein driftsoperatør.

### Utvalde resultat

Alle månadlege vassprøver er innaføre krava til drikkevassforskrifta. Alle avlaupsprøver som vert teke annakvar månad er innaføre reinsekrava.

## Status økonomi

Beløp i 1000

Rammeområde/enhet	Regnskap 2019	Regnskap 2018	Rev. bud. 2019	Avvik i kr	Avvik i %
573-VAR	124	169	-712	836	117,4 %
<b>Sum</b>	<b>124</b>	<b>169</b>	<b>-712</b>	<b>836</b>	<b>117,4 %</b>

Totalrekneskapet for ansvar 5751/vatn) og 5753 (avlaup) er noko vanskeleg å lese då det motavrekningar på ansvar 5759 (motpost VAR)

Avvik på enkeltposter:

5751 Vatn - Det er ikkje samsvar med lønsbudsjettet og reell kontering av lønskostnadane slik at det er eit avvik på kr. 296.000,-. Det er også meirforbruk på drift/vedlikehald på ca kr. 400.000,-. Det skuldast m.a oppgradering av UV-anlegget på Rysstad vassverk etter pålegg frå Mattilsynet og at det i 2019 var fleire vasslekkasjer. I forhold til kommunale avgifter er det kome inn kr. 413.000,- meir enn budsjettet

5753 Avlaup/rensing - her er det også eit avvik i lønnskostnader på kr. 173.000,-. Det er eit meirforbruk på drift/vedlikehald på ca kr. 200.000,-. I forhold til kommunale avgifter er det meirinntekt på kr. 124.000,-

5755 Renovasjon - det er eit meirforbruk i driftsutgifter på ca. 178.000,- samtidig som det er meirinntekter på kommunale avgifter på kr. 195.000,-. Rekneskapsresultatet for dette ansvarområdet viser eit "underskot" på kr. 198.000,-

5757 Pipefeing - i 2019 vart det for fyrste gong fakturert feing/tilsynsavgifter for hytter/fritidshus og derfor er både utgifter og inntekter mye større enn opprinneleg budsjett. Rekneskapet viser eit "underskot" på kr. 51.000,-, men samtidig hadde Setesdal Brannvesen IKS fakturert for mye og dette vart kreditert i 2020 slik at "reelt" rekneskap går nokonlunde i balanse

## Sykefravær

Fravær

	Korttid	Langtid	Samlet fravær
Årlig sykefravær 2019	2,11 %	0,00 %	2,11 %

## Drift veg

### Status økonomi

Beløp i 1000

Rammeområde/enhet	Regnskap 2019	Regnskap 2018	Rev. bud. 2019	Avvik i kr	Avvik i %
574-Drift veg	5 396	4 856	4 518	878	19,4 %
<b>Sum</b>	<b>5 396</b>	<b>4 856</b>	<b>4 518</b>	<b>878</b>	<b>19,4 %</b>

## Årsmelding 2019

5760 Kommunale vegar - det er auka straumkostnader til sandlager på ca. kr. 80.000,- og auka utgifter til vintervedlikehald (brøyting/strøing) på ca. kr. 440.000,-. Samtidig er det innsparingar på andre poster slik at netto meirforbruk er ca. kr. 270.000,-

5761 Riksvegar - kostnadane er straum til vegljøs langs RV 9. Denne kostnaden skulle ha blir ført på ansvar 5767

5764 Rysstad sentrum - meirforbruket på kr. 180.000,- skuldast at planleggingskostnader til planarbeid Rysstad sentrum er flytta frå investering til drift, jfr. k. sak 96/19

5767 Vegljøs - meirforbruket skuldast auka straumutgifter på ca. kr. 50.000,- og at det har vore spesielt store vedlikeholdskostnader til reparasjonar/utskifting av vegljøs

### Sykefravær

Fravær	Korttid	Langtid	Samlet fravær
Årlig sykefravær 2019	0,00 %	0,00 %	0,00 %

### Drift reinhald

#### Skildring av verksemd

Det er totalt 14.908 m<sup>2</sup> i kommunale bygg som skal reingjerast.

I tillegg til dette har kommunen ein avtale med Setesdal folkehøgskule (frå 15/8) og Setesdal vgs. om sal av reinhaldstenester. Arealet som blir reingjort på Setesdal folkehøgskole er på 1502,47 m<sup>2</sup>.

#### Årsverk og stillingsheimlar

Administrasjon: 60 %.

Reinhaldarar: 9,25 årsverk fordelt på 11 stillingsheimlar inklusiv 100 % stilling utleigd til Setesdal folkehøgskole

- Fagarbeidarar: 6 stillingsheimlar
- Assistent: 5 stillingsheimlar

#### Heiltid og deltid

- 7 stillingsheimlar: 100 % stilling

#### Fordeling av stillingheimlar på kjønn

- Menn: 4
- Kvinner: 8

## Utvalde resultat

- Ein har i løpet av året fått omlag 1500 m<sup>2</sup> mindre areal å reingjere då Hylestad skule blei nedlagt. Skulen blei overtatt av Setesdal folkehøgskule. Det er inngått avtale med folkehøgskulen om at kommunen leiger ut personale til reinhald av skulen. Ein har difor hatt behov for like mange stillingsheimlar som før Hylestad skule blei lagt ned.
- I samband med at Hylestad skule blei lagt ned, og elevane blei overflytta til Valle skule, blei der eit behov for auka areal til SFO. SFO på Valle skule er no i "internatet." Golvarealet er på 261,9 m<sup>2</sup>. Ein har difor måtte auke med 20 % stilling i høve 2018.
- Der har også vore ei auke på tilsetjing av 10 % fast stilling på Bygdeheimen. Dette har ikkje medført auke i driftskostnader då ein over fleire år har nytta tilsvarande ressurs ved innleige av vikarar.

## Status økonomi

Beløp i 1000

Rammeområde/enhet	Regnskap	Regnskap	Rev. bud.	Avvik i kr	Avvik i %
	2019	2018	2019		
575-Drift reinhald	5 369	5 140	5 707	-338	-5,9 %
<b>Sum</b>	<b>5 369</b>	<b>5 140</b>	<b>5 707</b>	<b>-338</b>	<b>-5,9 %</b>

Reinhaldstenesta har hatt eit mindreforbruk på 5,9 % i 2019. Ein har blant anna leigd ut reinhaldstenester til Setesdal folkehøgskule.

## Sykefravær

Fravær	Korttid	Langtid	Samlet fravær
Årlig sykefravær 2019	0,81 %	10,41 %	11,22 %

Sjukefråværet innan reinhald er relativt høgt i 2019. Dette skuldast først og fremst to langtidssjukemeldingar. Arbeidstakarane har blitt fylgt opp i "Møteplassen".

Det har blitt prøvd ut ulike tiltak, blant anna redusert stillingsstorleik. Ein vonar at ein får ei avklaring i løpet av 2020.

Fråværet er ikkje relatert til arbeidsmiljøet.